

# **Sosial samanlikning i kroppsøving**

Ein kvantitativ studie om jenter og gutar sine referansemønster i kroppsøvingfaget på ungdomsskulen

Trine Rishovd

Masteroppgåve i pedagogikk  
Studieretning spesialpedagogikk

Hausten 2013

Pedagogisk institutt  
Fakultet for samfunnsvitskap og teknologileiing  
NTNU  
Trondheim



## Forord

Eg har gjennom denne oppgåva fått moglegheit til å kombinere spesialpedagogikk og fysisk aktivitet, to tema som begge er inkludert i min utdanningsbakgrunn og i mitt interessefelt. Med ein bachelor i idretts- og bevegelsesvitenskap og jobb som gruppetreningsinstruktør, er eg naturleg oppteken av fysisk aktivitet og helse. Eg har også jobba med barn og unge i barnehage og i skulen, og sett korleis aktivitet og bevegelse kan glede og skape entusiasme, spesielt når ein opplever meistring. Eg har også sett det motsette; frustrasjon og unnvikande åtferd når ein ikkje føler ein ikkje er god nok sett opp mot dei andre.

Det er lett å tenkje at spesialpedagogikken berre omfattar dei som treng noko ekstra og noko meir. Det spesialpedagogiske feltet er så mykje større enn dette, det inkluderer nemleg alle gjennom begrepet tilpassa opplæring. Denne oppgåva kan bidra til tilpassa opplæring gjennom å auke forståinga for korleis barn og unge tenkjer rundt det å prestere fysisk saman med andre, og korleis ein kan legge til rette for at flest mogleg skal få positive opplevingar knytt til kroppsøvingfaget.

Det å arbeide med same tema over så lang tid har sine fordelar, men også ulemper. Ein kjem lett inn i stoffet når ein kun skal fokusere på eitt område, men enkelte dagar får ein nok, alt anna verkar meir interessant enn ditt tema, og frustrasjonen vil ingen ende ta. Etter avslutta prosess sit eg difor igjen med mykje kunnskap om meg sjølv som person, i tillegg til ei auka fagleg innsikt. Ein ser ofte i etterkant kva ein kunne og burde gjort annleis, men eg er i mål og nøgd med sluttresultatet.

Fleire personar har bidrege på ulike område undervegs og gjort det mogleg for meg å ferdigstille oppgåva. Først og fremst ei stor takk til alle rektorar og lærarar ved skulane som har sett av tid til undersøkinga, og ikkje minst elevane som har delteke i undersøkinga. Eg er også takknemleg for at eg har veldig hjelpsame kollegaer som har stilt opp som vikarar for meg på jobb når eg har ”drukna” litt under den siste innspurten. Eg vil også takke Kyrre Svarva, som har bidrege med god hjelp til utforming, skanning og etterbehandling av spørjeskjemaet mitt, og gjort det mogleg for meg å samle inn data gjennom eit profesjonelt skjema.

Spesielt vil eg rette ei stor takk til min rettleiar, Anne Torhild Klomsten, som har vore ei viktig støtte undervegs. Å ha ein rettleiar som er genuint interessert i ditt tema og som samstundes ser deg som person, er gull verdt for å halde motivasjonen oppe.



## Samandrag

Denne studien har undersøkt om det er skilnad mellom jenter og gutar referansemønster i kroppsøvingsfaget, sett i lys av fysisk sjølvoppfatning. Forskingsspørsmåla belyser kven elevane samanliknar seg med ved ulike aktivitetar og fysiske eigenskapar i kroppsøving, om det er meir samanlikning blant jenter enn gutar, om gutar alltid har meir positiv fysisk sjølvoppfatning og om ein kan sjå fellestrekk mellom fysisk sjølvoppfatning og referansrammene.

Festinger (1954) hevdar i sin teori at det ligg som eit behov i alle individ å samanlikne seg med andre. Skulen er ein sentral arena for sosial samanlikning, og klassen er kanskje den viktigaste referanseramma barn og unge har. Spesielt i kroppsøving er det enkelt å samanlikne eigen kropp og prestasjonar med andre, då dette er svært synleg i eit fysisk fag. Å samanlikne seg med andre utgjer ein av dei mest sentrale kjeldene til påverking av sjølvoppfatning. Forskning viser at jenter vurderer seg meir negativt og har lågare fysisk sjølvoppfatning enn gutar, og at samanlikning med andre som presterer betre er ei årsak til meir negativ sjølvoppfatning.

For å belyse problemstillinga og spørsmåla er kvantitativ metode nytta, og data samla inn gjennom eit surveydesign. Utvalet besto av 221 elevar, 117 jenter og 104 gutar, frå 8., 9. og 10.trinn. Elevane besvarte eit spørjeskjema medan eg var til stades i klassen for å informere og vere tilgjengeleg for spørsmål. Skjemaet inneheldt spørsmål om kven elevane samanlikna seg med ved vurdering av eigne fysiske eigenskapar og ved spesifikke kroppsøvingsaktivitetar, og ei rekkje påstandar om eigne fysiske evner elevane skulle seie seg einig eller ueinig i gjennom ein gradert skala. Analysane som er nytta er t-test for to uavhengige grupper og krysstabellar med kjikvadrat.

Resultata viser at det er skilnad mellom jenter og gutar sine referanserammer i kroppsøving. Referansemonstera varierer med hensyn på både fysisk eigenskap og aktivitet, der gutane i hovudsak samanliknar seg med same kjønn, medan jentene oftare enn gutane samanliknar seg med motsett kjønn, og forskjellane mellom jenter og gutar er signifikante. Det er også meir sosial samanlikning blant jenter generelt sett. I dei tilfella der gutar samanliknar seg med jenter er det som regel snakk om det som er sett på som ein feminin eigenskap/aktivitet. Gutar har også generelt meir positiv fysisk sjølvoppfatning, utanom ved variabelen smidigheit der jenter skårar høgst, men forskjellen der er ikkje signifikant ( $p = .192$ ). Resultata blir diskutert i lys av tidlegare forskning og aktuell teori.



## Innhald

<b>Innleiing</b> .....	<b>1</b>
<b>Teoretisk grunnlag og tidlegare forskning</b> .....	<b>5</b>
Sjølvpoffatning .....	5
Fysisk sjølvpoffatning .....	5
Påverking av sjølvpoffatning.....	7
Referanserammer ved sosial samanlikning.....	9
Referanserammeeffektar .....	11
Samanlikning i konkurransesituasjon .....	13
<b>Metode</b> .....	<b>15</b>
Forskningsdesign.....	15
Utval.....	15
Måleinstrument .....	15
Datainnsamling .....	17
Reliabilitet og validitet.....	17
Etiske hensyn .....	19
<b>Resultat</b> .....	<b>21</b>
Psykometriske eigenskapar .....	21
Deskriptiv statistikk .....	22
Jenter og gutars referanserammer i vurdering av egne fysiske eigenskapar og kropp .....	23
Jenter og gutars referanserammer under ulike aktivitetar i kroppsøving.....	25
Fysisk sjølvpoffatning ved spesifikke eigenskapar .....	28
<b>Diskusjon</b> .....	<b>33</b>
Funn og forventningar om sosial samanlikning i kroppsøvingfaget .....	34
Er det variablar som spesielt skil seg ut ved samanlikning?.....	36
Fysisk sjølvpoffatning ved spesifikke eigenskapar .....	38
Oppsummering.....	42
Begrensingar ved eigen studie .....	43
Forslag til vidare forskning .....	44
Praktiske implikasjonar .....	44
<b>Kjelder</b> .....	<b>47</b>
<b>Vedlegg</b> .....	<b>51</b>
Vedlegg 1 - spørjeskjema.....	51
Vedlegg 2 – samtykkeerklæring.....	55
Vedlegg 3 – svar på melding av prosjektet.....	56
Vedlegg 4 – sumvariablar .....	57





## Innleiing

Kroppsøving er det viktigaste faget for bevegelse og fysisk aktivitet i skulen, og er også eit fag som mange elevar verdset (Haga og Sigmundsson, 2006; Imsen, 1996; Ingebrigtsen og Mehus, 2006; Ingebrigtsen, 2004). Læreplanens føremål seier at faget skal vere eit tilbod for alle, og bidra til utvikling av sjølvkjensle, ei positiv oppfatning av eigen kropp og ei oppleving av meistring ut i frå eigne føresetnader (Utdanningsdirektoratet, 2012). Dette trass i at alle frå og med ungdomsskulen skal gjennom ei formell vurderingsform med kompetansemål og i tillegg få karakterar på sine prestasjonar.

Det står vidare at faget i tillegg har ei viktig oppgåve i å bidra til ein fysisk aktiv livsstil også utanfor skulen ved å gi elevane kompetanse innan ulike idrettsaktivitetar, friluftsliv, trening og helse (Utdanningsdirektoratet, 2012), men fysisk aktivitet i skulen og aktivitet på fritida er ikkje det same. Den største og kanskje viktigaste forskjellen er at skulegang er ikkje sjølvvalt slik som organisert idrett eller fritidsaktivitetar er, og blir dermed ein tvungen sosial setting for barn og unge (Skaalvik og Skaalvik, 2005). Faget er i utgangspunktet er mindre konkurranseprega enn idretten (Klomsten, 2006), men det er dei same elevane som deltek i organisert idrett som også deltek i kroppsøving og mange ”tek” slik med seg normene for konkurranse inn i timane. Faget vert difor for mange elevar opplevd som ein konkurranse der ein må prestere best mogleg samanlikna med andre, noko som vert ytterlegare forsterka av den formelle vurderingsforma (Skaalvik, 2006).

Kroppsøving skil seg også frå idrettsaktivitetar i på den måten at jenter og gutar utfører dei same aktivitetane i samla klasse. Slik er det ikkje på øvrige idrettsarenaer, der ein vanlegvis berre konkurrerer mot same kjønn (Andrews og Johansen, 2007; Klomsten, 2006). Biologiske føresetnader gjer at jenter og gutar utviklar seg ulikt, og med alderen oppstår det aukande forskjellar mellom kjønna. I løpet av ungdomsskulen og puberteten skjer det spesielt mange fysiologiske endringar, og det vert difor etterkvart meir vanleg at gutar presterar betre under dei same ytre føresetnadene enn jenter (Klomsten, 2006). Dette vert bekrefta av elevanes karakterar i faget på ungdomsskulen, då kroppsøving står fram som einaste fag der gutar har signifikant betre snittkarakter enn jenter (Bakken, Borg, Hegna og Backe-Hansen, 2007; Imsen, 1996).

Alle skulefag innbyr til samanlikning med andre elevar, då ein ser den same elevgruppa kvar dag og største delen av skuledagen held på med dei same oppgåvene og aktivitetane. Vi har i følgje Festinger (1954) eit ibuande behov for å samanlikne oss med andre, og *sosial*

*samanlikning* inneber å nytte andre individ som vurderingsgrunnlag for seg sjølv og egne prestasjonar (Festinger, 1954). Dette vil vere spesielt sentralt i kroppsøving grunna det fysiske aspektet der den enkelte elev sin prestasjon vert ekstremt synleg samanlikna med andre meir teoretiske fag som til dømes matte og norsk. I eit fysisk fag kjem det umiddelbart til syne kven som er dyktig og ikkje, då ein direkte kan observere andre og sjølv bli observert utan moglegheit til å snike seg vekk, noko som gjer at ein konstant er eksponert for andre si vurdering, både kroppsleg og prestasjon under aktivitetar (Andrews og Johansen, 2005; Gerlach, Trautwein og Lüdtke, 2007; Skaalvik, 2006). På ungdomsskulen vert det også innført karakterar i faget, noko som forsterkar synlegheita av den enkelte sin prestasjon, og gir fleire moglegheiter for samanlikning (Andrews og Johansen, 2005, 2007; Gerlach mfl., 2007; Skaalvik, 2006).

Sosial samanlikning er ei kjelde til påverking av den *fysiske sjølvoppfatninga* (Marsh og Parker, 1984; Skaalvik, 2006), som inneber alle oppfatningar, vurderingar, forventningar, tru og viten ein har om seg sjølv knytt til idrett og fysisk aktivitet (Skaalvik, 2006). Forsking viser nettopp at barn og unge ofte samanliknar seg med andre under fysisk aktivitet, og deretter nyttar denne informasjonen som grunnlag for vurdering av egne evner og ferdigheiter (Klomsten, 2006). Det å framstå som flink i gym er for mange unge viktig, då det ofte er sett på som eit popularitetskriterium (Andrews og Johansen, 2005; Klomsten, 2006). Enkelte jenter oppgir at dei gruar seg til gymmen fordi dei er så mange og difor er redd for å dumme seg ut, spesielt framfor gutane, og at motivasjonen for innsats vert svekka fordi gutane på ungdomsskulen dreg frå i fysisk styrke og prestasjon (Andrews og Johansen, 2005, 2007). Forsking viser også at gutar generelt har meir positiv fysisk sjølvoppfatning enn jenter (Ingebrigtsen, 2004; Kling, Hyde, Showers og Bruswell, 1999; Trautwein, Gerlach og Lüdtke, 2008), vurderer seg som gjennomsnittleg flinkare i kroppsøving, og trivst betre i timane enn jenter (Imsen, 2006; Ingebrigtsen, 2004; Ingebrigtsen og Mehus, 2006). Ei mogleg kjelde til negativ sjølvoppfatning er oppadgåande sosial samanlikning (Bandura, 1997; Festinger, 1954), eksempelvis ved at jenter samanliknar seg med gutar eller generelt andre elevar som presterar betre. Vi veit lite om jenter og gutar sine referansemønster ved fysisk aktivitet, men Klomsten, Skaalvik og Espnes (2004) føresler følgjande:

*«Gender differences in physical self-concept can also depend on different frames of reference. (...) This means that boys very often are better in endurance, strenght and sports compentence. If girls use boys as their frame of reference, this could lead to a decrease in their physical self-concept and a realistic assumption that they are not as strong as most people around them».* (s.125).

Dette kan understøttast av funn som viser at jenter er meir usikre når dei vurderer seg sjølv, er meir kritiske til eigne prestasjonar og reagerer meir negativt på individuell eksponering (Imsen, 1996). Jentene er også redde for å vise sin prestasjon om dei føler seg utilstrekkelege (Andrews og Johansen, 2005, 2007), og dei legg større vekt på kva andre meiner om dei enn det gutar gjer (Schwalbe og Staples, 1991). Generelt er dette funn som understøttar at jenter ser mykje til andre når dei vurderer seg sjølv. Med utgangspunkt i desse funna og påstanden over vil denne oppgåva ta for seg sosial samanlikning og referanserammer i kroppsøving på ungdomstrinna, sett i lys av fysisk sjølvoppfatning. Hovudfokuset vil vere retta mot eventuelle forskjellar i referansemønster til jenter og gutar. Tematikken vil bli belyst gjennom følgjande hovudproblemstilling:

*Er det forskjellar mellom jenter og gutar sine sosiale samanlikningsmønster?*

Kroppsøving er eit stort og variert fag som består i ulike aktivitetar og idrettar, og det vert stilt krav til ulike fysisk-motoriske eigenskapar. For å avgrense og konkretisere problemstillinga følgjande forskingsspørsmål stilt:

1. Kven samanliknar jenter og gutar seg med når dei vurderer eigne fysiske eigenskapar?
2. Kven samanliknar jentene og gutane seg med under konkrete aktivitetar?
3. Er det meir sosial samanlikning blant jenter i kroppsøving enn det er blant gutar?
4. Samanliknar jenter seg meir med motsett kjønn enn det gutar gjer?
5. Er det fysiske eigenskapar der jenter har meir positiv sjølvoppfatning enn gutar eller har gutar alltid meir positiv fysisk sjølvoppfatning, og kan ein sjå eit felles mønster med referanserammene?



## **Teoretisk grunnlag og tidlegare forskning**

### **Sjølvpoffatning**

*Sjølvpoffatning* omfattar alle former for oppfatning, vurdering, forventning, tru eller viten ein person har om seg sjølv (Skaalvik og Skaalvik, 2005). Forsking omkring sjølvpoffatningsbegrepet har hatt to innfallsvinklingar. Ein har sett på sjølvpoffatning som ei følge av forventning om meistring av spesifikke oppgåver (Bandura, 1997; Skaalvik, 2006) og som generell sjølvvurdering (Skaalvik og Skaalvik, 2005). Sjølvvurderingstradisjonen dreiar seg om ei generell kjensle av om ein er dyktig til noko eller ikkje, og er ikkje i like stor grad avhengig av tidlegare meistring, men meir oppteken av generell kompetanse på ulike område (Skaalvik og Skaalvik, 2005). Denne studien vil ta utgangspunkt i sjølvvurderingstradisjonen og elevars vurdering av seg sjølv.

Sjølvpoffatning vert ofte omtalt som eit fleirdimensjonalt begrep, og ein kan difor seie at sjølvpoffatning er generell og samtidig spesifikk. Dette kjem av at sjølvpoffatninga heng spesifikt saman med alle dei situasjonane og livsområda vi har gjort oss erfaringar på (Marsh og Parker, 1984; Skaalvik, 2006; Skaalvik og Skaalvik, 2005). Sjølvpoffatninga kan delast inn i dimensjonar dei ein kan finne igjen i alle desse livsområda. Ei mykje nytta inndeling er sosial-, intellektuell og akademisk-, emosjonell-, moralsk og fysisk sjølvpoffatning (Skaalvik og Skaalvik, 2005), der sistnemnde vil stå i fokus i denne studien. I tillegg til denne relativt konkrete sjølvpoffatninga har ein også ei generell meining om seg sjølv, eit generelt positivt eller negativt syn, og dette vert omtalt som ein persons sjølvverd (Skaalvik og Skaalvik, 2005).

### **Fysisk sjølvpoffatning**

Den *fysisk-motoriske sjølvpoffatninga* (Skaalvik, 2006), ofte korta ned til *fysisk sjølvpoffatning*, omfattar ein person sine oppfatningar, vurderingar, forventningar, tru og viten om seg sjølv knytt til idrett og fysisk aktivitet. Fysisk sjølvpoffatning omfattar også fleire dimensjonar, og dreiar seg om korleis ein vurderer eigen utsjånad og egne fysiske ferdigheiter på ulike nivå. Marsh (1996) beskriv ni komponentar innan fysisk sjølvpoffatning, definert i måleinstrumentet *Physical Self-Description Questionnaire*: utsjånad, styrke, uthald, fleksibilitet/smidigheit, helse, koordinering av rørsler, å vere fysisk aktiv, kroppsfeitt/overvekt og dyktigheit i idrett.

Ein vil slik ha ei større, meir generell oppfatning av kva ein beherskar og korleis ein presterar når det er snakk om fysiske aktivitetar, eksempelvis innan generell styrke, uthaldenheit eller om ein har ein smidig kropp. Ein vil også ha ei oppfatning om seg sjølv

innanfor spesifikke aktivitetar som eksempelvis fotball. Enno meir spesifikt har ein også tankar om seg sjølv i forhold til gitte ferdigheiter innan denne aktiviteten, slik som å slå pasningar, skyte på mål og dribble. Sjølvoppfatning kan difor variere med aktivitet og innan ein aktivitet (Marsh og Parker, 1984; Skaalvik, 2006; Wigfield og Eccles, 2000).

I samband med kroppøving inneber dette at ein kan ha positiv sjølvvurdering innan enkelte aktivitetar og spesifikke område, medan ein kan ha eit meir negativt syn på egne ferdigheiter og prestasjonar innan andre. Som nemnt i innleiinga har gutar generelt meir positiv fysisk sjølvoppfatning enn jenter (Ingebrigtsen, 2004; Kling mfl., 1999; Trautwein mfl., 2008). Det er også vist at gutar har meir positiv sjølvoppfatning ved meir spesifikke underkategoriar som styrke, uthaldenheit og kropp, og ikkje berre ved generell fysisk sjølvoppfatning (Klomsten mfl., 2004). Kling mfl. (1999) hevdar at sosialisering og stereotypiske oppfatningar i samfunnet bidreg til at jenter har lågare sjølvoppfatning, og at dette blir ein sjølvoppfyllande profeti då jenter blir behandla på ein annan måte ut i frå slike forventningar. Dette blir også peika på som ei forklaring av Chazal, Guimond og Darnon (2012) og Klomsten (2006), og understøtta av funn der jenter hevdar læraren forskjellbehandlar jenter og gutar i kroppøvingstimane (Andrews og Johansen, 2005, 2007). I faget kroppøving er det rett at gutane vurderer seg meir positivt enn jentene ettersom gutane har høgare snittkarakter, men generelt er korrelasjonen mellom sjølvvurdering og karakter i eit fag er lågare for jenter enn gutar, noko som indikerer at jentene er meir usikre og strenge når dei vurderer seg sjølv (Imsen, 1996). Jenter og kvinner er også meir reaktive ovanfor andre si vurdering enn det gutar er (Schwalbe og Staples, 1991).

Sidan sjølvoppfatning inkluderer vurdering, gir det affektive verknader for personen det gjeld. Det er knytt ubehag til det å vurdere seg sjølv negativt og som mindre dyktig i ein aktivitet ein ser det som viktig eller verdifull å vere god i (Skaalvik, 2006; Skaalvik og Skaalvik, 2005). Dersom ein konstant vurderer seg negativt kan dette også få konsekvensar på lang sikt. Oppfatninga ein har av seg sjølv og vurderinga av egne evner vil slik verke avgjerande for personens åtferd (Festinger, 1954; Rosenberg, 1979), noko som sjølv sagt då også gjeld i kroppøving og fysisk sjølvoppfatning. I ein skulesetting er det sjeldan ein sjølv får velje kva aktivitetar og fag ein skal halde på med, og ein kan lett utvikle mistriivsel dersom ein ikkje føler at ein presterer i den gitte aktiviteten ein time etter time og ikkje har moglegheit til å velje den vekk. Dette vil igjen spele inn på personens motiv og handlingar, og for enkelte vil det gå så langt at ein prøver å unngå den spesifikke aktiviteten (Skaalvik, 2006; Skaalvik og Skaalvik, 2005).

Ingebrigtsen (2004) viser til funn der gutar trivst signifikant betre enn jenter i kroppsøvingstimane, noko også Flagestad og Skisland (2009) rapporterer. Imsen (1996) finn også at mistriksel rammar fleire jenter enn gutar i ungdomsskulealder, og at andelen jenter som likar kroppsøving er lågare ved 8.trinn enn ved 5.trinn. Andrews og Johansen (2005, 2007) har framheva at mange jenter mistar interessa for kroppsøving, opplev mistriksel og utviklar ei negativ haldning til faget i løpet av ungdomsskulen. Årsakene til dette er endringar i faget sitt innhald, det skjer noko med jentene sine kroppar og at relasjonane endrar seg i løpet av ungdomsskulen (Andrews og Johansen, 2005), og at desse faktorane saman gjer at jentene trivst i mindre grad. Ingebrigtsen hevdar vidare at måten ein vurderer eigen aktivitet i kroppsøvingstimane er avgjerande for trivselen i faget (Ingebrigtsen, 2004; Ingebrigtsen og Mehus, 2006), noko som kan knyte låg sjølvoppfatning til det å vurdere seg mot flinkare elevar. Imsen (1996) forklarar vidare at det ikkje er grunnlag for å hevde at jenter direkte mislikar sjølve kroppsøvingsfaget, men at dei aktivitetane det vert brukt mest tid på i kroppsøvingstimane er betre likt blant gutane enn jentene og at jentene difor uttrykker meir misnøye. Dette vert bekrefta ved Andrews og Johansen (2005) der jenter i 16-20-årsalderen hevdar at gutane alltid får velje aktivitet når læraren opnar for det, og jentene difor ofte må delta på ting dei ikkje likar eller meistrar. Jentene forklarar også at når det er valfrie aktivitetar i gymmen er det ingen gutar som deltek på aktivitetar foreslegne av jentene, som dans og aerobic. På denne måten vert gutane sjeldan konfrontert med aktivitetar dei meistrar dårlegare enn jentene (Andrews og Johansen, 2005, 2007), og får nødvendigvis difor ikkje utfordringar som kan verke negativt mot si sjølvoppfatning.

### **Påverking av sjølvoppfatning**

Ein kan påverke sjølvoppfatning på ulike måtar. Eksempelvis vil oppleving av meistring auke trua på at ein kan meistre tilsvarande oppgåver og aktivitetar igjen, og på same måte vil oppleving av å mislykkast svekke trua på at ein kan meistre ved seinare anledningar. Difor er genuine meistringsopplevingar ei sentral kjelde til påverking av sjølvoppfatning (Bandura, 1997; Skaalvik, 2006), men også indirekte gjennom sjølvvurderingstradisjonen ved at meistring gir ei kjensle av kompetanse.

Innan sjølvvurderingstradisjonen er det fire hovudområde som påverkar vår sjølvoppfatning og tru på egne evner: sjølvattribusjon, psykologisk sentralitet, andre sine vurderingar og sosial samanlikning (Marsh og Parker, 1984; Rosenberg, 1979; Skaalvik, 2006; Weiner, 1979). Attribusjon handlar om korleis vi tolkar våre erfaringar, og forklarar vår eiga

åtferd og våre resultat. Prestasjon kan difor sjåast som resultat av eksempelvis evner, innsats, flaks, oppgåvas vanskegrad og liknande (Skaalvik, 2006; Weiner, 1979). Forsking viser at jenter oftare tolkar nederlag som manglande eller svake evner enn det gutar gjer, medan gutar oftare skular på uflaks eller sjølv aktiviteten (Andrews og Johansen, 2005; Bandura, 1997). Dette er funn som kan bidra til å forklare jentenes lågare sjølvoppfatning då dei let nederlag gå meir innpå seg enn gutane, og til å styrke påstanden om at jenter er meir sjølvkritiske og ser meir til andre når dei vurderer seg sjølv.

Psykologisk sentralitet handlar om kva ein sjølv verdset, ser på som viktig og set i sentrum som person. Sjølvvurdering innan slike område vil ha større innverknad på sjølvoppfatninga enn når ein vurderer seg innan ein område ein ikkje bryr seg om (Rosenberg, 1979; Skaalvik og Skaalvik, 2005).

Både andre si vurdering og sosial samanlikning avheng av andre individ rundt oss. Vi vurderer kvarandre og gir tilbakemeldingar til andre både verbalt og non-verbalt. Vurderingar frå personar vi ser som viktige og som har autoritet er dei som gir størst effekt på oss (Skaalvik, 2006). Lærarar og venner vil difor spele ei sentral rolle for påverking av fysisk-motorisk sjølvoppfatning gjennom kroppsøvingfaget. Sosial samanlikning vart definert i innleiinga som prosessar der vi nyttar andre individ som samanlikningsgrunnlag for å vurdere oss sjølv og våre prestasjonar (Festinger, 1954). Dette inneber at den vurderinga ein gjer av seg sjølv ikkje berre er bestemt av egne prestasjonar, men også dei rundt ein sine prestasjonar (Festinger, 1954; Margas, Fontayne og Brunel, 2006; Marsh og Parker, 1984).

Schwalbe og Staples (1991) har gjennomført ei studie med college-elevar i USA med mål om å finne eventuelle forskjellar mellom kjønna i generelle kjelder som påverkar sjølvoppfatning. I studien rapporterer jenter at andre si vurdering er veldig viktig for deira sjølvoppfatning, medan gutar trekkjer fram sosial samanlikning som veldig viktig. Dette viser at andre individ generelt spelar ei stor rolle blant ungdom som kjelde til utvikling og påverking av deira sjølvoppfatning. Hattie (1992) hevdar samanlikning med og forventningar frå andre er dei viktigaste årsakene til stabilitet eller endring i fysisk sjølvoppfatning blant barn og unge.

Det er ikkje alltid like lett å skilje kjeldene til påverking frå kvarandre som kjelder til fysisk-motorisk sjølvoppfatning, då vurdering av prestasjon innan mange aktivitetar vil vere ein kombinasjon av objektive og subjektive mål (Skaalvik, 2006). I fleire idrettar er også eins egne prestasjonar faktisk avhengig av kor dyktige andre er, noko som for eksempel vil gjelde innan lagidrettar som ballspel. Trua ein har på seg sjølv kan slik svinge frå kamp til kamp og frå trening til trening, og sidan kroppsøving er eit fag samansett av mange ulike aktivitetar kan difor trua på egne evner også svinge her. Korleis skal ein vite om ein er god i fotball, dans



eller turn dersom ein ikkje har andre å samanlikne seg med? Dersom det ikkje er tilgjengelege fysiske- eller sosiale samanlikningsgrunnlag vil eins meiningar og vurdering av seg sjølv bli svært ustabile (Festinger, 1954), og mennesket ”må” difor samanlikne seg med andre. Sosial samanlikning kan difor forklarast som ein enkel metode for å skaffe seg informasjon om eigen prestasjon når det ikkje er objektive mål å vurdere opp mot (Festinger, 1954; Skaalvik, 2006). I følge Festinger (1954) vil ein i situasjonar der vurderingskriteria er ”skjult” og objektive vurderingsgrunnlag ikkje er tilgjengelege, slik det ofte er i kroppsøving, starte å vurdere seg sjølv mot andre sine prestasjonar og meiningar innanfor området. I likheit med innan idrett vil ein i kroppsøving ikkje alltid ha objektive mål, men ein vil derimot alltid finne subjektive samanlikningsmoglegheiter og sosial samanlikning vert difor veldig sentralt innan eit slikt fysisk fag.

### **Referanserammer ved sosial samanlikning**

Marsh og Parker (1984) hevdar i likheit med Festinger (1954) at alle individ samanliknar sine egne evner med evnene til personar rundt ein, og deretter nyttar dette sosiale inntrykket som grunnlag for utvikling av eigen sjølvoppfatning. I skuletida vil dei andre elevane i klassen fungere som samanlikningsgrunnlag ettersom ein ser desse elevane kvar dag og stort sett gjennomfører felles aktivitetar på skulen. Klassen fungerer difor som referansegruppe (Skaalvik, 2006), som ei ramme og eit grunnlag for samanlikning og vurdering av evner, prestasjonar og resultat. Referanseramma bidreg difor til å definere ein sjølv, og avgjer korleis ein ser seg sjølv og omgivnaden rundt (Brewer og Gardner, 1996). Implisitt i referanserammemodellen ligg det difor også ein føresetnad om at sosial samanlikning er ein av dei avgjerande faktorane for sjølvoppfatning (Marsh og Parker, 1984), som også vert påpeika av Hattie (1992).

Marsh, Trautwein, Lüdtke og Köller (2008) forklarar med utgangspunkt i Marsh (1986) sin *Internal/External frame of reference model* at elevar nyttar både eksterne og interne referanserammer ved samanlikning, og gjerne begge deler. Den eksterne, ytre kjelda er sosial samanlikning med generaliserte andre, slik som snittprestasjonen til klassen, eller spesifikke målpersonar ein har sett seg ut. Indre referanserammer omfattar eigen tidlegare prestasjon i eit fag, til dømes engelsk, som ein deretter nyttar som grunnlag for å vurdere prestasjonen i andre fag, til dømes matte. Sosial samanlikning, som går under eksterne referanserammer, er hovudfokus i denne oppgåva, og interne referanserammer vil difor ikkje bli nærare forklart.

*”The tendency to compare oneself with some other specific person decreases as the difference between his opinion og ability and one’s own increases”* (Festinger, 1954, s. 120). Festinger hevdar her at vi ikkje er interessert i å samanlikne oss med individ som er for ulike oss sjølv. Dette grunngir han med at dersom vi samanliknar oss med nokon som er eksempelvis svært mykje sterkare eller svakare enn oss sjølve, så vil ikkje det seie så mykje om ditt eige nivå ettersom det er så stor forskjell i utgangspunktet. Dersom einaste samanlikningsgrunnlag er eit individ som er enormt mykje sterkare enn deg, så vil ikkje dette kunne gi presis subjektiv informasjon. Målet vil på denne måten bli for fjernt, og det vil ikkje verke inn på vår sjølvoppfatning og sjølvvurdering når vi samanliknar oss på denne måten. Det vil derimot gi meir nøyaktig informasjon om deg sjølv og dine evner om du samanliknar med nokon som er omtrent på same nivå. Dette kan forklarast gjennom at den andre personen spesifiserer eit prestasjonsnivå, og når du sjølv ligg i nærleiken av dette vil det gi stabilitet til vurderinga, i motsetnad til eit individ som ligg langt frå deg sjølv og som vil gi ustabil grunnlag. Difor vel vi også helst individ som ligg ganske nær oss sjølve når vi skal konstruere våre referanserammer og samanlikne våre evner, meiningar og prestasjonar (Festinger, 1954; Trautwein mfl., 2008). Vi vel på bakgrunn av dette også situasjonar der vi kan oppleve nærleik framfor situasjonar med fjerne mål (Festinger, 1954).

Festinger (1954) beskriv dette som ei drivkraft som gjeld oppover på grunn av at vi som menneske verdset gode evner og prestasjonar. Difor vel vi oftast målpersonar eller referansegrupper som er litt betre enn oss sjølve, som gir moglegheit til samanlikning oppover (Marsh mfl., 2008). Dette kan understøttast av forskning som er gjort om affektive responsar ved samanlikning av karakterar, og ein har funne at det mest vanlege i ein akademisk setting er samanlikning oppover med eit håp om å bli like dyktig som samanlikningsobjektet (Buunk, Kuyper og van der Zee, 2005). Dette kan også vere ei mogleg støtte til hypotesa om at jenter vel gutar som referanseramme i kroppsoving, då gutane i løpet av ungdomsskulen vert oppfatta som dyktigare i faget (Andrews og Johansen, 2005). Dette vil også støtte det motsette, at gutar ikkje samanliknar seg med jenter ettersom jentene ofte er svakare prestasjonsmessig.

Likskapsprinsippet gjeld også i gruppesituasjonar. Vi vil delta i grupper som består av individ som liknar på oss sjølve, og gjerne prøve å endre oss for å komme endå nærare medlemmane i gruppa. Dette inneber at dersom ein er medlem i ei gruppe med litt sterkare og betre individ vil ein forsøke å bli like god. Dersom eit individ med svært gode evner er medlem i ei svakare gruppe, og ikkje har andre gruppealternativ, vil prestasjonen til dette individet reduserast i starten sidan gruppedlemmane ikkje gir fullverdig samanlikningsgrunnlag (Festinger, 1954). Brewer og Gardner (1996) hevdar at å delta i ei gruppe automatisk gir ei

referanseramme for sjølvevaluering. Ein kvar faktor som aukar ei gruppe sin status som referansegruppe vil også auke ”kravet” om å likne på gruppa (Festinger, 1954). Her kan skuleklassen trekkast fram som eit godt eksempel. I og med at skulegang er obligatorisk har ein ikkje moglegheit til å trekkje seg ut av denne gruppa, og klassen får automatisk sterk status som referansegruppe.

Festinger (1954) hevdar vidare at vi nettopp ønskjer å trekke oss ut av grupper der vi ikkje finn gode referansepersonar. Dersom ein føler seg mindre rusta og svakare enn skuleklassen, har ein ikkje moglegheita til å trekke seg ut. Ein må halde fram med å vere der, og dette kan igjen resultere i mistrivsel (Skaalvik, 2006). Kva betyr dette for jenter og gutar i kroppsoving? Vil for eksempel dei svakaste jentene i ein klasse i det heile finne gode referansepersonar? Marsh og Parker (1984) forklarar vidare at ei referansegruppe kun vil påverke elevens sjølvopfatning dersom eleven vel å samanlikne sin eigen prestasjon med referansegruppa, og at det er denne relative oppfatninga av eigen prestasjon som dannar grunnlaget for sjølvopfatninga. Ein kan spørje korleis ein som elev i det heile kan unngå å samanlikne seg med sine medelevar når ein, sett på spissen, gjer det same og møter dei same i kvar time, og i tillegg får karakterar på sin prestasjon? Andrews og Johansen (2005) hevdar at det er dei mindre flinke jentene som trivst minst og har lågast fysisk sjølvopfatning, og at dette kjem av at dei må måle seg mot både jenter og gutar som er flinkare enn dei då dei ikkje har andre samanlikningsalternativ.

### **Referanserammeeffektar**

Marsh og Parker (1984) framhevar også gjennom sin teori kor viktig sosiale grupper og sosial samanlikning er for utvikling av den enkelte si sjølvopfatning. Sosial samanlikning fører til at ein elev sin prestasjon i forhold til referansegruppa har større innverknad på sjølvopfatninga til eleven enn kva den faktiske prestasjonen til denne eleven har (Marsh og Parker, 1984; Skaalvik, 2006). Dette forklarar dei gjennom ein referanserammemodell kalla *big-fish-little-pond-effekten* (BFLPE) (Marsh og Parker, 1984), som tek utgangspunkt i teori om sosial samanlikning (Festinger, 1954). Teorien forklarar effektar ved sosial samanlikning i akademisk samanheng; korleis elevar samanliknar egne akademiske evner med klassekameratane sine, og deretter nyttar denne informasjonen som grunnlag for utvikling av eigen akademisk sjølvopfatning. Ei negativ effekt vil oppstå dersom ein samanliknar sine evner med elevar ein ser som flinkare og betre, og motsett vil ei positiv effekt oppstå når ein samanliknar seg med svakare elevar (Marsh og Parker, 1984; Marsh mfl., 2008; Trautwein mfl., 2008). Dette betyr

at det er meir positivt for sjølvoppfatninga å vere den flinkaste i ein svak klasse, enn å vere den svakaste i ein flink klasse (Margas mfl., 2006; Marsh og Parker, 1984; Skaalvik, 2006), noko funn frå forskning også understøttar (Trautwein mfl., 2008). Dette inneber at to elevar som er like flinke kan oppfatte dette heilt ulikt dersom dei har ulike referanserammer, eksempelvis fordi den eine eleven går i ein generelt sterk klasse og den andre i ein svak klasse, eller dei samanliknar seg med ulike kjelder i den same klassen. To jenter som er like flinke, der den eine samanliknar seg med gutar og den andre med jenter i situasjonar der ein skal prestere fysisk, vil mest truleg difor ikkje ha den same sjølvoppfatninga då ein opplev seg sjølv som flink eller svak avhengig av referanseramma ein nyttar (Marsh mfl., 2008). Til høgare det generelle nivået i ein klasse er, til lågare er sjølvoppfatninga til elevar som objektivt sett gjer det like bra (Skaalvik, 2006).

Det er gjort forskning som tilseier at referanserammeeffektar oppstår tidleg blant elevar, då BFLPE er observert blant elevar heilt ned i 9-10-årsalder (Trautwein mfl., 2008). Hattie (1992) peikar på dette som ein viktig alder for endring og utvikling av sjølvoppfatning, då det startar å skje store endringar i individet i form av pubertet, kroppsleg og kognitiv utvikling. Wigfield og Eccles (2000) føresler at når ein vert eldre får ein auka forståing for og tolking av feedback ein får frå andre, og ein vert slik meir klar over eigne eigenskapar og evner. Difor vert ein også meir oppteken av å samanlikne seg med andre. I tillegg endrar skule- og klassemiljøet seg når ein inntek ungdomsskulen på den måten at vurdering og evaluering av elevane vert meir tydeleg i form av karakterar og difor aukar også eventuell konkurranse mellom elevane (Andrews og Johansen, 2005; Wigfield og Eccles, 2000). Dette understøttast av forskning som viser at særleg jentenes haldningar, tiltru til eigne evner og trivsel i kroppsøvingsfaget vert lågare frå 5. til 8.trinn (Imsen, 1996). Ved 5.trinn er det færre fysiologiske forskjellar mellom kjønna (Klomsten, 2006), og det er difor "det same" kven ein samanliknar seg med. Når ein ikkje er like oppteken av sosial samanlikning vil ikkje elevar som presterar betre utgjere ein like stor trussel for sjølvoppfatninga. Ein kan difor seie at sosial samanlikning vert meir aktuelt og meir avgjerande når ein inntek ungdomsskulen, og difor vil det bli fokusert på denne aldersgruppa i denne studien.

Det er vidare diskutert om BFLPE er spesifikk for akademisk sjølvoppfatning og teoretiske fag (Gerlach mfl., 2007; Marsh mfl., 2008; Trautwein mfl., 2008), men slike referanse-rammeeffektar kan også i høgste grad vere aktuelle for fysisk sjølvoppfatning. I kroppsøvingsfaget er ein svært eksponert, og forskjell i prestasjon og kropp er tydeleg for medelevane, og det difor er lett å samanlikne og måle seg opp mot andre (Klomsten mfl., 2004; Skaalvik, 2006; Trautwein mfl., 2008). Ein kan på denne måten direkte nytte andre sine

prestasjonar og utsjånad som referanse for sine egne prestasjonar og eigen kropp (Gerlach mfl., 2007; Marsh mfl., 2008; Trautwein mfl., 2008). Fleire studiar understøttar teorien om at BFLPE gjeld også for fysisk aktivitet og difor kroppsøving. Ei studie av Chanal, Marsh, Sarrazin og Bois (2005) gjort på ungdom som deltok i eit gymnastikkprogram viste at gruppa sin fysiske prestasjon hadde innverknad på den enkelte si fysiske sjølvopfatning. Gerlach mfl. (2007) dokumenterte gjennom sin studie at elevar med same fysiske evnenivå hadde høgare fysisk sjølvopfatning når dei deltok i ei gruppe med lågare gjennomsnittsevner enn dersom gruppa viste høgare evner, og at elevar med gode fysiske evner difor har negativ effekt på andre sin fysiske sjølvopfatning. Margas mfl. (2006) deler òg denne ideen og hevdar at sosial samanlikning og BFLPE er sentralt i kroppsøvingstimar og at andre sine fysiske prestasjonar og utsjånad difor dannar grunnlag for eins fysiske sjølvopfatning. Margas mfl. (2006) hevdar vidare at å ha gym saman med elevar som viser sterke fysiske prestasjonar resulterer i meir negativ sjølvvurdering. Dette kan understøtte Klomsten mfl. (2004) sine spekulasjonar innleiingsvis, om grunnen til at jenter har lågare fysisk sjølvopfatning er at dei samanliknar seg meg elevar som presterer betre. Margas og Fontayne (gjengitt i Margas mfl., 2006, s.236) har gjennom ein studie av elevar delt inn etter fysisk prestasjonsevne vist at dei beste elevane i sterke, homogene grupper har lågare sjølvvurdering enn tilsvarende flinke elevar som er i blanda grupper, noko som er med å ytterlegare forsterke sannsynet for at BFLPE også gjeld for fysisk aktivitet og difor i kroppsøvingstimane.

### **Samanlikning i konkurransesituasjon**

Fleire teoriar framhevar at ein ikkje kan forstå eit individ dersom ein ser vekk i frå referanserammene til han eller ho, då dei same handlingane og prestasjonane kan gi ulike resultat for sjølvopfatninga, avhengig av referanserammene og standarden for samanlikning som individet nyttar for å vurdere seg sjølv (Margas mfl., 2006; Marsh mfl., 2008). Samanlikningsstandarden, altså referanseramma, avgjer forholdet mellom sjølvvurdering og resultatata ein oppnår innanfor eit gitt område (Margas mfl., 2006). Effekten av sosial samanlikning vert slik sterkare i konkurransesituasjonar der ein føler ein må prestere, fordi konkurranse legg til rette for fokus på prestasjon (Ommundsen, 2006). Til sterkare konkurranse, til meir oppteken vert ein av å samanlikne seg med andre (Skaalvik, 2006). Sjølv om kroppsøving skil seg frå organisert idrett ved mindre fokus på konkurranse kan ein ikkje avskrive at konkurranse eksisterer, då det er dei same elevane i klassen som i idretten, og vi har eit behov for å samanlikne oss med andre (Festinger, 1954).

I klassar eller grupper med generelt høgt nivå vil det difor vere naturleg at enkelte oppfattar andre sin prestasjon som truande og difor ser situasjonen som ein konkurransesituasjon, i tillegg til at elevane som deltek i organisert idrett på fritida vil dra med seg konkurransen inn i timane. Dette er også grunnen til at ein elev i ein klasse med høgt nivå kan utvikle lågare sjølvoppfatning enn ein elev med like evner som går i ein svakare klasse (Gerlach mfl., 2007; Marsh og Parker, 1984). Det er gjort funn som viser lågare fysisk sjølvoppfatning blant aktive idrettsutøvarar samanlikna med utøvarar som kun er aktive på hobbybasis, noko som styrkar sannsynet for at konkurranse innad i miljøet og effektar av sosial samanlikning påverkar negativt (Skaalvik, 2006).

Undersøkingar viser at jenter er mindre glad i konkurranse generelt enn gutar, både i kroppsøving og i vanlege klasseromsfag. Jentene gruar seg i større grad når dei skal gjere noko åleine framfor klassen, som til dømes ha framføring for dei andre, svare på spørsmål eller forklare ting høgt (Imsen, 1996). Det tyder på at reagerer jentene meir negativt på individuell eksponering enn det gutane gjer. Det er også gjort funn som framhevar at jenter og gutar likar ulike aktivitetar i kroppsøving (Andrews og Johansen, 2007; Imsen, 1996), og funn som tyder på at ein klassifiserar fysiske aktivitetar som meir passande for gutar enn for jenter (Ommundsen, 2006). Gutar på 8.trinn likar ballspel, friidrett, øvelsar/apparat og konkurranse betre enn jentene, medan jenter likar dans klart betre enn gutane (Imsen, 1996), og det er dei aktivitetane gutane likar det vert via mest tid til (Andrews og Johansen, 2005, 2007). Ein ser ut i frå dette at det i hovudsak er gutane som likar dei konkurranseprega aktivitetane.

Som det står i læreplanen (Utdanningsdirektoratet, 2012) er det ikkje konkurranse som er fokus og målet med kroppsøvingfaget, men å bidra til aktive elevar. Det er likevel nesten ikkje til å unngå at ein får eit konkurransefokus då det er dei same elevane som eksempelvis er med på fotballaget som også deltek når det er fotball gymmen. I og med at gutar trivst betre med konkurranse og det vert nytta mest tid på aktivitetar som passa for gutar (Andrews og Johansen, 2005; Ommundsen, 2006), ligg det til rette for at kroppsøvingfaget er ein arena ”tilpassa” til gutane. Forsking viser nettopp det at mange gutar nyttar konkurranse som middel for å oppnå status i klassen og har eit prestasjonsorientert fokus (Bakken mfl., 2008). Denne negative effekten har ein også funne ved idrettsaktivitetar (Skaalvik, 2006): når fokuset på konkurranse aukar, aukar også den sosiale samanlikninga, noko som er spesielt negativt for dei elevane som er mindre dyktige eller føler dei er mindre dyktige.

## Metode

### Forskningsdesign

For å belyse problemstillinga ”er det forskjellar mellom jenter og gutar sine sosiale samanlikningsmønster?” er kvantitativ forskningsmetode og surveydesign nytta. Studien er gjennomført som ei tverrsnittstudie, der eit utval informantar på eit gitt tidspunkt har besvart eit standardisert spørjeskjema (Kleven, 2011; Ringdal, 2007). Denne typen design inneber at ein får eit bilete av situasjonen her og no, men ein kan ikkje seie noko om ei eventuell utvikling over tid. Ein fordel er at ein kan beskrive tendensar og mønster i ein målpopulasjon på eit gitt tidspunkt, då ein får henta inn informasjon frå eit stort antal informantar. Ein har også moglegheit til å seie noko om forskjellar og samanhengar mellom variablar (Ringdal, 2007).

### Utval

Informantane er norske ungdomsskuleelevar, på 8., 9., og 10.trinn i ungdomsskulen. Totalt har 221 elevar frå tre ulike skular delteke i studien. Av desse er 117 jenter (52,9%) og 104 gutar (47,1%). Fordelinga mellom klassetrinn viser 93 elevar (42,1%) frå 8.trinn der det er 54,8% jenter og 45,2% gutar. På 9.trinn er det 45 elevar (20,4%), 51,1% jenter og 48,9% gutar. På 10.trinn er det totalt 83 elevar (37,6%), der fordelinga mellom kjønn er 51,8% jenter og 48,2% gutar. Samtlege trinn og klassar har kroppsøving i samla gruppe, og ikkje delt med hensyn på kjønn eller ut i frå prestasjon/evne, og får karakterar i faget. Utvalet oppfyller slik fleire ”krav” som til dømes at jenter har moglegheit til å samanlikne seg med gutar.

### Måleinstrument

Eit spørjeskjema er nytta for å besvare dei aktuelle forskingsspørsmåla. Ettersom er ikkje fann ferdige skjema egna til formålet i den forstand at det dekkja alle aspekt eg var ute etter, har eg med inspirasjon frå andre spørjeskjema (Klomsten, 2006; Marsh, 1996; Ravlo, 2011), og aktuell teori utvikla eit eige måleinstrument (sjå vedlegg 1). Skjemaet inneheld fleire spørsmål, påstandar og informasjon enn kva som er nytta i denne oppgåva, og datamaterialet kan difor nyttast ved fleire og andre forskingsspørsmål enn stilt her.

For å avgrense og definere problemstillinga er det teke utgangspunkt i Marsh (1996) og hans inndeling av fysisk sjølvoppfatning i spesifikke komponentar. Denne studien vil fokusere på *uthaldenheit*, *styrke*, *smidigheit* og *kroppsleg utsjånad*. For å ytterlegare avgrense vil *ballspel*, *styrkeaktivitetar*, *fridrett*, *dans* og *turn* bli brukt for å definere kroppsøvingbegrepet,

då dette er vanlege aktivitetar i faget (Utdanningsdirektoratet, 2012), er kjende aktivitetar for dei unge, og ein får utfordra fleire av dei utvalde fysiske eigenskapane innanfor desse aktivitetane. Eigenskapane og aktivitetane er også valt ut då dei representerer både det som er typisk jentete og feminint og typisk gutete og maskulint. Dei fleste aktivitetar og øvelsar i kroppsøving har med åra vorte kjønnsnøytrale i den forstand at begge kjønn må delta, men likevel er det framleis enkelte aktivitetar som er kjønnsstempla, slik som styrke (maskulint) og dans (feminint) (Andrews og Johansen, 2005, 2007; Klomsten, 2006; Klomsten, Marsh og Skaalvik, 2005; Ommundsen, 2006).

Begrepa som omfattar fysisk sjølvoppfatning er operasjonalisert og gjort målbare gjennom fleire påstandar, eksempel: ”Jeg er god i gym” og ”Jeg er svak i kroppen”. Påstandane er formulert både positiv og negativt, og skal takast stilling til gjennom ein likert-skala med fem svarkategoriar frå 1=*svært uenig* til 5=*svært enig*, der midtpunktet er *verken/eller*. Det at det er eit nøytralt midtpunkt på skalaen fører til at respondentane kan la vere å ta stilling til påstanden med å svare nøytralt, og enkelte respondentar vil også krysse tilfeldig for å bli raskast mogleg ferdig, og gjerne da krysse på det nøytrale alternativet i midten, i dette tilfellet ”verken/eller”. For enkelte vil eit nøytralt alternativ vere det mest korrekte svaret og eg har difor likevel valt å ha med verken/eller som alternativ.

Elleve spørsmål i skjemaet dreiar seg om kven elevane samanliknar seg med når dei vurderer eigen fysisk prestasjon. Respondentane skal gjere greie for kven dei samanliknar seg med innan ballspel, styrkeaktivitet, dans, turn og friidrett, og når dei vurderer sin generelle styrke, uthaldenheit, smidigheit og kroppsleg utsjånad. Her er svaralternativa *andre gutter, andre jenter, både gutter og jenter* og sist alternativ er *jeg sammenligner meg sjelden med andre*. ”Hvem sammenligner du deg vanligvis med når dere har ballspill i gymmen?” og ”Hvem sammenligner du deg vanligvis med når du vurderer hvor fysisk sterk du er i kroppen?” er eksempel som viser utforminga av spørsmåla i spørjeskjemaet.

Det er ikkje moglegheit for respondenten å svare med egne ord i skjemaet, det er kun items med gitte alternativ. Elevane skal svare ved å setje kun eitt kryss ved kvart spørsmål og kvar påstand. Ved å kun benytte lukka spørsmål og påstandar vil ein forenkla etterarbeidet og analyseprosessen, men ein vil også risikere å miste variasjonsbreidd i elevsvara og i verste fall ende opp med ukorrekt informasjon dersom ein ikkje har dekkande svaralternativ (Kleven, 2011; Ringdal, 2007). Det er difor gjort forsøk på å formulere alternativ som gjer at alle respondentar kan finne eit svar som passar for dei, i tillegg til å ha mange items med same tema.



## **Datainnsamling**

Prosjektet starta med at rektorar og kontaktlærarar ved aktuelle skular i eit fylke på Vestlandet vart kontakta. Dette vart gjort gjennom telefon og e-post, der eg kort informerte om mitt prosjekt, formålet med prosjektet og praktisk gjennomføring av undersøkinga. Dei utvalde skulane vart invitert til å delta av fleire årsaker. Dei er blant anna mindre nytta til studiar og undersøkingar enn skulane i eksempelvis Trondheimsområdet, noko som auka sjansen for at dei ville delta. I tillegg ligg skulane i eit avgrensa geografisk område, noko som forenkla den praktiske gjennomføringa av datainnsamlinga då eg hadde eit ønske om å vere personleg til stades i klasseromma når elevane fylte ut spørjeskjema. Som ei følgje av denne utvalsmetoden kan ikkje utvalet i denne studien beskrivast som tilfeldig trekt, og kan difor heller ikkje karakteriserast som eit enkelt, tilfeldig utval (Kleven, 2011; Ringdal, 2007).

Totalt tre skular i tre ulike kommunar sa seg villige til å delta i undersøkinga. Desse skulane fekk tilsendt ytterlegare informasjon gjennom ei samtykkeerklæring (sjå vedlegg 2), i hovudsak aktuell for foreldre til elevar under 15 år, som kontaktlærarane delte ut til elevane. Dei som ønskte det fekk også tilsendt spørjeskjemaet for å få betre innsyn i kva undersøkinga dreia seg om.

Før datainnsamlinga vart det gjort avtalar med rektorar og kontaktlærarar når det passa best for den enkelte klasse å gjennomføre undersøkinga. Eg koordinerte avtalane på ein slik måte at eg hadde moglegheit til å vere personleg til stades i alle klassane under den praktiske gjennomføringa for å informere elevane, og for å sjølv dele ut og samle inn skjema. På denne måten skapte eg minst mogleg ekstraarbeid for kontaktlærarane som stilte sine klassar til disposisjon. Å møte elevane ansikt til ansikt med eit spørjeskjema i papirform framfor å nytte nettbaserte svarmetodar eller svar via post, har også fleire andre fordelar. Det kan bidra til at fleire fyller ut skjemaet på ein ordentleg måte, då ein får eit anna forhold til ein person som møter opp personleg enn kva ein får til kun eit namn på eit papir. Ein har også moglegheit til å svare på eventuelle spørsmål frå elevane, og ein vil kunne samle inn igjen dei ferdigutfylte skjema med gang og slik spare tid. Svarprosenten i studien er 100 % då ingen elevar i dei aktuelle klassane takka nei til å ta i mot eit skjema, og alle skjema som vart delt ut vart også fylt ut.

## **Reliabilitet og validitet**

Reliabilitet og validitet må takast hensyn til i all forskning. Validitet handlar om gyldigheit, om ein faktisk måler det ein ønskjer å måle, og er sett saman av fleire underbegrep. Reliabilitet er

det same som pålitelegheit, for eksempel om det same måleinstrumentet vil gi dei same resultatata ved gjentekne målingar (Kleven, 2011; Ringdal, 2007).

Begrepa i undersøkinga er i hovudsak subjektive tilstandar som ikkje kan direkte målast. Spesielt begrepa som går inn under fysisk sjølvoppfatning er vanskelege å måle direkte, og det er difor nødvendig med operasjonelle definisjonar og fleire gode indikatorar for å kunne gjennomføre ei undersøking og få valide resultat (Kleven, 2011; Ringdal, 2007). Sentralt i denne oppgåva er difor begrepsvaliditet, ei form for indre validitet som dreiar seg om det er samsvar mellom teoretisk begrep og indikatoren ein nyttar for å måle det.

For å sikre best mogleg begrepsvaliditet har eg difor valt å ha med mange spørsmål i spørjeskjemaet for deretter gjennom faktoranalyse utelate tvetydige og usikre variablar, og kun lage sumvariablar (samansette mål) av dei sterkaste variablane. Faktoranalyse bidreg slik til å styrke begrepsvaliditeten (Kleven, 2011). Samansette mål vil bidra til å redusere datamengda og vil i mange tilfelle gi meir korrekt informasjon enn enkeltståande variablar, og slik også høgare validitet og reliabilitet (Ringdal, 2007). I tillegg er det nytta begrep som er testa ut ved tidlegare studiar, eksempelvis Marsh (1996) si definering og inndeling av fysisk sjølvoppfatning i meir anvendelige underbegrep. Å ta utgangspunkt i anerkjent teori og tidlegare nytta begrep bidreg til å styrke begrepsvaliditeten ytterlegare.

I kvantitative undersøkingar vil også ytre validitet vere sentralt. Ytre validitet omhandlar generaliseringsmoglegheita, der ein ønskjer å generalisere sine funn til heile målpopulasjonen utvalet skal representere. For at dette skal vere mogleg må ein ha eit tilstrekkeleg stort, representativt og tilfeldig trekt utval. Utvalet i denne studien er som nemnt ikkje tilfeldig trekt, og heller ikkje representativt for heile landet då skulane ligg i eit lite avgrensa geografisk område. Studiens ytre validitet er difor noko svekka (Ringdal, 2007).

Høg reliabilitet oppnår ein blant anna ved å standardisere spørjeskjema og metode for datainnsamling (Ringdal, 2007). Det nytta måleinstrumentet i denne studien inneheld fleire spørsmål om kvart tema/begrep som liknar kvarandre, men som er formulert litt ulikt, og enkelte av itema er negative slik at svarskalaen er snudd. Dette bidreg til å minimere "skaden" frå eventuelle feilsvar eller kryssing på må-få, og difor til å ytterlegare styrke pålitelegheita. Ved å personleg møte opp når respondentane fyller ut spørjeskjema vil fleire truleg fylle ut skjemaet på ein ordentleg måte. Dette vart difor vektlagt under den praktiske gjennomføringa av datainnsamlinga.

Reliabilitet kan testast ved generell kjeldekritikk, test-retest-metoden med same måleinstrument og gjennom analyse av indre konsistens gitt ved til dømes Cronbach's Alpha (Ringdal, 2007). Etter datainnsamling vart det gjennomført faktoranalyse og deretter analyse av

indre konsistens gitt ved Chronbach's Alpha, noko som er spesielt viktig med tanke på at skjemaet ikkje er brukt tidlegare. På grunn av tidsaspektet er det ikkje gjort test-retest i denne studien.

### **Etiske hensyn**

Alle respondentane i studien er anonyme, og det er ikkje mogleg å spore tilbake kva den enkelte elev har svart fordi skjemaet ikkje inneheld personleg informasjon i form av namn, personnummer, telefonnummer eller likande. Spørjeskjemaet etterspør difor ikkje det ein definerer som identifiserande personopplysningar (Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste, 2012) eller sensitiv informasjon (Personverombodet, 2012) som gjer at prosjektet er meldepliktig. Prosjektet er likevel meldt til NSD for å vere på den sikre sida, med tilbakemelding om at prosjektet ikkje medfører meldeplikt eller konsesjonsplikt (sjå vedlegg 3).

Det er krav om informert samtykke når ein deltek i slike prosjekt, og føresette og ungdommar vart informert om spørjeundersøkinga og studien gjennom eit informasjonsskriv med ei samtykkeerklæring (sjå vedlegg 2). Kontaktlærarar tok ansvar for å dele og ut samle inn samtykkeerklæringa i sine klassar. Undersøkinga var også heilt frivillig, noko som innebar at den enkelte elev kunne stå over å fylle ut skjemaet utan å måtte oppgi grunn. Dette vart informert om gjennom informasjonsskrivet og framheva ved utdeling av spørjeskjema i kvar enkelt klasse. Ingen elevar avsto frå å fylle ut skjemaet.

Når det gjeld etiske hensyn i samband med elevane si utfylling av spørjeskjemaet, avtala eg på førehand med læraren i klassen at dei elevane som vart raskt ferdige eller som eventuelt ikkje ville fylle ut skjemaet, skulle jobbe med individuelle faglege oppgåver dei eigentleg skulle ha jobba med den timen, eksempelvis stillelesing eller matematikkoppgåver. På denne måten unngjekk ein at elevar vart sitjande å vente utan noko å gjere. Elevane hadde også moglegheit til å stille meg spørsmål om det var noko dei lurte på, sidan eg var til stades under datainnsamlinga.



## Resultat

I dette kapittelet vil det bli presentert resultat frå psykometriske analyser, då dette er grunnlaget for dei vidare analysene og testane. Deretter vil resultat frå statistiske analyser bli lagt fram. Testane som er gjort er krysstabellar med kjikvadrat og t-test for to uavhengige grupper. Fokuset i resultatkapittelet vil dreie seg om jenter og gutar som to ulike grupper, og eventuelle forskjellar mellom dei vil bli framheva. Alle analyser og behandling av datamaterialet i samband med oppgåva er gjort i statistikkprogrammet IBM SPSS Statistics, versjon 21.

### Psykometriske eigenskapar

For å kunne nytte parametrisk statistikk, som er statistiske analysar basert på gjennomsnittsverdiane til dei aktuelle variablane, og få sikre resultat, bør ein ha eit tilnærma normalfordelt datamateriale og eit utval der  $n > 30$  (Valås, 2006). Utvalstorleiken er med tanke på dette tilfredsstillande i denne studien. Vidare bør skeivheit og kurtosis-verdiar helst ligge innanfor  $-1/1$  (Ringdal, 2007). Ulike former for parametrisk statistikk kan likevel gjennomførast ved verdiar opp til  $-1,5/1,5$  dersom resultata tolkast med ei viss forsiktighet (Ringdal, 2007). Alle negative items i spørjeskjemaet er snudd i slik at alle skåreverdiar har same retning. Deskriptive analyser er gjort for kvar variabel med hensyn på skeivheit i fordelinga og kurtosis/høgden til kurva. Påstandane C1-C45 i spørjeskjemaet (sjå vedlegg 1) er formulert med tanke på å bli utvikla vidare til færre sumvariablar. Det vil difor ikkje bli presentert deskriptiv informasjon for kvar enkelt variabel i resultatkapittelet, sjølv om dette er undersøkt, men kun for sumvariablane som vert aktuelle til seinare analysar.

Før sumvariablar kan lagast må ein kontrollere dimensjonaliteten og reliabiliteten for dei aktuelle variablane. Dimensjonalitet er kontrollert for gjennom eksplorerande faktoranalyse med listeviss utelating. Ei faktoranalyse vil avsløre latente fellesfaktorar og gjer det mogleg å summere items som måler det same til sikrere sumvariablar (Ulleberg og Nordvik, 2009). "Direct oblmin" er nytta som rotasjonsmetode då det er stort sannsyn for at faktorane i studien, eksempelvis fysisk styrke og uthaldenheit, er korrelert med kvarandre (Ulleberg og Nordvik, 2009). Faktorladninga bør vere sterkare enn  $\pm 0.3$  for at variabelen skal vere verdt å ta med vidare (Ringdal, 2007). Ved ei ladning under dette har ikkje variabelen særleg innverknad på den latente faktoren. Grensa på  $\pm 0.3$  er difor nytta som kriterium for at variabelen skal bli inkludert i den aktuelle sumvariabelen. Kvar faktor skal vere eindimensjonal og kvar variabel

bør ha sterk ladning til kun ein faktor, altså tilhøyre/måle kun eit underliggende begrep. Variablar som viser høg ladning til fleire faktorar er difor ikkje inkludert.

Reliabilitetsanalyse er gjennomført for variablar som etter resultat av faktoranalysen måler det same. Ei reliabilitetsanalyse undersøker indre konsistens og pålitelegheit, og ein vanleg koeffisient som beskriv indre konsistens er Chronbach's Alpha. Verdien bør vere over 0.70 for at ein skal kunne sei at målet er reliabelt og nyttast i vidare analysar (Ringdal, 2007). Grensa på 0.70 er også er nytta i denne studien. Det er konstruert sumvariablar for faktorane *styrke*, *uthaldenheit*, *kroppslig utsjånad*, *smidigheit*, *flink i gym* og *trivsel i gymmen* (sjå tabell 1 og vedlegg 4 for detaljar). Dei nye variablane er laga ved addisjon av enkeltvariablane. Ved å konstruere nye variablar får ein nye fordelingar og deskriptive analysar med hensyn på skeivheit og kurtosis er difor gjennomført på nytt, presentert i tabell 1.

### Deskriptiv statistikk

Deskriptiv informasjon om sumvariablane *styrke*, *uthaldenheit*, *smidigheit*, *kropp*, *flink i gym* og *trivsel* er vist i Tabell 1 (sjå vedlegg 4 for detaljar om inkluderte items i kvar sumvariabel). Variablane relativt jamt fordelt med skeivheit- og kurtosisverdiar innanfor  $-1/1$ . Verdiar lik  $-1/1$  er "grensene" for kor skeivfordelt data kan vere når ein vil nytte parametrisk statistikk (Ringdal, 2007). Kun sumvariabelen *trivsel* ligg utanfor dette grenseområdet med skeivheit =  $-1.213$  og kurtosis =  $1.129$ , men er likevel innanfor grenseområdet for parametrisk statistikk dersom resultatata tolkast med vissheit om ei skeivfordeling. N er også tilfredsstillande høg ved samtlege variablar. Eg vel på bakgrunn av dette å anvende parametriske analyser for desse variablane.

**Tabell 1: Deskriptiv informasjon om sumvariablar**

Sumvariabel	Styrke	Uthaldenheit	Smidig	Kropp	Flink i gym	Trivsel
Antal items	4	5	4	4	5	8
Chronbach's Alpha	.908	.851	.807	.930	.823	.906
N	220	219	220	217	217	216
Skeivheit	-.609	-.358	.160	-.669	-.808	-1.213
Kurtosis	-.122	-.463	-.590	-.523	.554	1.129

Tabellen viser også reliabiliteten til kvar sumvariabel gitt ved Chronbach's Alpha. Alle sumvariablar har Chronbach's Alpha over 0.80, noko som tyder på at dei måler det same og høg indre konsistens (Ringdal, 2007). Antal respondentar inkludert i kvar sumvariabel er høgt, då det kun er mellom 1 og 5 tilfelle av manglande svar og fråfall per sumvariabel.

Psykometriske analyser viste at spørsmåla der elevane vart spurt kven dei samanlikna seg med innan ulike område i kroppsøving (spørsmål B1-B11 i spørjeskjemaet, sjå vedlegg 1) hadde høge kurtosisverdiar ( $>1,5$ ). Dette indikerer at mange har svart det same, noko ikkje er uventa når ein spør eit relativt homogent utval som ungdomsskuleelevar innanfor eit avgrensa område, og når ein har gitte alternativ til kvart spørsmål. På grunn av høge skeivheits- og kurtosisverdiar eignar ikkje-parametrisk statistikk seg betre i analysar der spørsmål B1-B11 er benytta. Målenivå på desse variablane er heller ikkje tilpassa parametrisk statistikk. Desse variablane er målt på ordinalnivå, og ein bør helst ha variablar på intervall- eller rationivå for at parametrisk statistikk skal vere gjennomførbar (Ringdal, 2007).

I prinsippet er sumvariablar konstruert ved addisjon framleis på ordinalnivå, men det er likevel vanleg å gjennomføre statistiske analyser som inneber bruk av aritmetisk gjennomsnitt med denne typen variablar dersom variablane er tilnærma normalfordelt. Dette er spesielt aktuelt dersom ein skal undersøke om det er forskjell mellom to eller fleire grupper. I denne studien er det aktuelt ved undersøking om det er statistisk signifikante forskjellar mellom jenter og gutar innan fysisk sjølvoppfatning ved variablar som omhandlar korleis dei vurderer eigen styrke, uthaldenheit, kropp og smidigheit. Dette vil også gjelde for undersøking av forskjell mellom gutar og jenter med tanke på om dei ser seg sjølv som flinke og gode i kroppsøving, og om dei trivst og likar seg i gymtimane. I analysene vil 5% og 1% signifikansnivå bli nytta, og inneber at det blir akseptert ein sjanse på 5% eller 1% for at ei sann nullhypotese blir forkasta (Valås, 2006). Ved  $p$ -verdiar over dette kan vi ikkje sei med stor nok sikkerheit at forskjellane i gjennomsnitt er reelle, då dei kan skuldast tilfeldigheter.

### **Jenter og gutars referanserammer i vurdering av egne fysiske eigenskapar og kropp**

Tabell 2 summerer opp resultat frå krysstabellar og kji-kvadratanalyser som viser kven jenter og gutar samanliknar seg med når dei vurderer egne fysiske eigenskapar (styrke, uthaldenheit og smidigheit) og eigen kropp. Desse eigenskapane inngår i begrepet fysisk sjølvoppfatning. Også denne tabellen er basert på svar frå del A i spørjeskjemaet. Det er totalt fire alternativ for kven ein samanliknar seg med ved vurdering av seg sjølv: andre jenter, andre gutar, både andre gutar og jenter, og sist at ein vurderer seg i forhold til korleis ein sjølv var tidlegare. Ved alle

variablane er det statistisk signifikant forskjell ( $p < .001$ ) mellom observert og forventa verdi ved alternativa ”andre jenter” og ”andre gutar”, dette gjeld data for både gutar og jenter. Det vil bli presentert resultat for begge kjønn for kvar variabel, og ei oppsummering med hovudfokus på eventuell forskjell mellom kjønna.

**Tabell 2: Elevar sine referanserammer i vurdering av egne fysiske eigenskapar og kropp, skilt mellom jenter og gutar.**

**Jenter:**

Eigenskap for samanlikning	Med andre jenter		Med andre gutar		Med både gutar og jenter		Med seg sjølv i forhold til tidlegare		Totalt jenter og gutar		
	n	%	n	%	n	%	n	%	$\chi^2(3)$	$p$	N
Fysisk styrke	42*	35.9	6*	5.1	31	26.5	38	32.5	92.04	<.001	221
Uthaldenheit	37*	31.6	4*	3.4	44	37.6	32	27.4	76.87	<.001	221
Kroppslig utsjånad	83*	70.9	2*	1.7	5	4.3	27	23.1	141.09	<.001	221
Smidigheit	53*	45.3	3	2.6	23	19.7	38	32.5	65.65	<.001	221

**Gutar:**

Fysisk styrke	0*	0.0	60*	57.7	16	15.4	28	26.9	92.04	<.001	221
Uthaldenheit	0*	0.0	48*	46.2	34	32.7	22	21.2	76.87	<.001	221
Kroppslig utsjånad	0*	0.0	63*	60.6	6	5.8	35	33.7	141.09	<.001	221
Smidigheit	3*	2.9	28	26.9	31	29.8	42	40.4	65.65	<.001	221

\* =standardisert residual over  $\pm 2.0$ , dvs statistisk signifikant ( $p < .05$ ) forskjell mellom observert og forventa verdi i cella

Resultat for variabelen *fysisk styrke*: 6 jenter (5.1%) svarar at dei samanliknar seg berre med andre gutar når dei vurderer sin eigen styrke, og 31 jenter (26.5%) samanliknar seg både med gutar og jenter. Flest jenter finn vi blant dei som samanliknar seg berre med andre jenter, her 42 stykk (35.9%). Ei nesten like stor gruppe jenter (38 stykk, 32.5%) vurderer seg i forhold til sin tidlegare styrke. Ingen gutar svarar at dei samanliknar seg kun med andre jenter, men 16 stykk (15.4%) svarar at dei samanliknar seg med både jenter og gutar. Fleirtalet av gutane vel andre gutar som referanseramme når dei vurderer eigen fysisk styrke, her 60 stykk (57.7%).



Dei resterande 28 gutane (26.9%) vurderer seg sjølv i forhold til tidlegare. Kji-kvadrat ( $df = 3$ ) = 92.04,  $p < .001$ , og difor kan vi seie at det er signifikante forskjellar mellom gruppene.

Resultat for *uthaldenheit*: 4 jenter (3.4%) oppgir at dei samanliknar seg berre med gitar i vurderinga av eigen uthaldenheit, medan 44 jenter (37.6%) svarar at dei samanliknar seg både med gitar og jenter. 37 (31.6%) av jentene samanliknar seg kun med andre jenter. Dei siste 32 (27.4%) vurderer seg opp mot tidlegare forhold. Ingen gitar vel berre jenter som referansegrunnlag når dei vurderer eigen uthaldenheit, men om lag ein tredjedel (34 gitar, 32.7%) har både gitar og jenter som referanse. Ei stor gruppe gitar (48 stykk, 46.2%) samanliknar seg med andre gitar, medan 22 gitar (21.2%) vurderer seg i forhold til egne tidlegare prestasjonar. Kji-kvadrat ( $df = 3$ ) = 76.87 og  $p < .001$ . Forskjellane mellom jenter og gitar er difor statistisk signifikant på 1%-nivå.

Resultat for *utsjånad kropp*: 2 jenter (1.7%) svarar at dei nyttar andre gitar og 5 jenter (4.3%) har både gitar og jenter som vurderingsgrunnlag når dei ser på eigen kropp, totalt svært få som samanliknar seg med motsett kjønn. Heile 83 jenter (70.9%) vurderer eigen kropp i forhold til andre jenter, og dei siste 27 (23.1%) samanliknar seg med seg sjølv i forhold til tidlegare. Ingen gitar samanliknar seg med berre jenter og kun 6 stykk (5.8%) svarar at dei samanliknar seg med både gitar og jenter når dei vurderer eigen kropp. 63 gitar (60.6%) samanliknar seg med andre gitar, medan dei resterande 35 (33.7%) vurderer kroppen sin i forhold til tidligare. Det er statistisk signifikante forskjellar mellom jenter og gitar, kji-kvadrat ( $df = 3$ ) = 141.09 og  $p < .001$ .

Resultat for *smidigheit*: 3 jenter (2.6%) rapporterer at dei samanliknar seg med gitar i vurderinga av eigen smidigheit. 23 jenter (19.7%) samanliknar seg med både gitar og jenter, 53 (45.3%) med berre andre jenter, og dei resterande 38 (32.5%) samanliknar seg med seg sjølv i forhold til tidlegare. Data for gutane viser at 3 av dei (2.9%) samanliknar seg med jenter når dei vurderer eigen smidigheit. 31 gitar (29.8%) samanliknar seg med både jenter og gitar, 28 (26.9%) med berre andre gitar, og flest samanliknar seg med seg sjølv i forhold til tidlegare (42 stykk, 40.4%). Kji-kvadrat ( $df = 3$ ) = 65.65 og  $p < .001$ , noko som betyr at det er statistisk signifikante forskjellar mellom jenter og gitar.

Kort oppsummert er det meir vanleg blant jenter å sjå kun til motsett kjønn når ein vurderer egne fysiske eigenskapar enn det er blant gitar. Å samanlikne seg med begge kjønn og samanlikning seg med seg sjølv, varierer for begge kjønn med eigenskapane.

### **Jenter og gutars referanserammer under ulike aktivitetar i kroppsøving**

På grunn av skeivfordeling og målenivå ved variablane i del B i spørjeskjemaet, som omhandlar kven elevane samanliknar seg med i ulike situasjonar, er krysstabellar og kji-kvadrat er nytta som metode for å sjå om det er forskjellar mellom jenter og gutar med hensyn på deira referanserammer og samanlikningsmønster. Det er skilt mellom generell samanlikning i kroppsøvingstimane, og kven jenter og gutar samanliknar seg med innan dei konkrete aktivitetane ballspel, styrkeaktivitetar, friidrett, turn og dans. Det er også undersøkt kven jenter og gutar samanliknar seg med ved dei generelle eigenskapane styrke, uthaldenheit, kroppsleg utsjånad og smidigheit. Ei oversikt over resultat frå krysstabellar er gitt i tabell 3. Kji-kvadrat gjer det mogleg å sei om det er ein statistisk signifikant forskjell mellom jenter og gutar med hensyn på deira samanlikningsvaner. I det følgjande vil jenter og gutars referanserammer for kvar aktivitet bli gjennomgått, med hovudfokus på eventuell forskjell mellom kjønna.

**Tabell 3: Kven elevar samanliknar seg med ved ulike aktivitetar i kroppsøving, skilt mellom jenter og gitar.**

**Jenter:**

Aktivitet for samanlikning:	Med andre jenter		Med andre gitar		Med både gitar og jenter		Med seg sjølv i forhold til tidlegare		Totalt jenter og gitar		
	n	%	n	%	n	%	N	%	$\chi^2(3)$	<i>p</i>	N
Generelt flink i gym	51*	44.3	5*	4.3	38	33.0	21	18.3	93.47	<.001	219
Dans	62*	53.0	0*	0.0	19	16.2	36	30.8	52.91	<.001	220
Ballspel	29*	24.8	7*	6.0	57*	48.7	24	20.5	78.2	<.001	221
Styrkeaktivitet	46*	39.3	7*	6.0	37	31.6	27	23.1	92.19	<.001	220
Turn	45*	38.5	3	2.6*	36	30.8	33	28.2	45.57	<.001	221
Friidrett	39*	33.3	5*	4.3	49	41.9	24	20.5	69.33	<.001	220

**Gitar:**

Generelt flink i gym	0*	0.0	49*	47.1	22	21.2	33	31.7	93.47	<.001	219
Dans	12*	11.7	17*	16.5	26	25.2	48	46.6	52.91	<.001	220
Ballspel	1*	1.0	56*	53.8	23*	22.1	24	23.1	78.2	<.001	221
Styrkeaktivitet	0*	0.0	56*	54.4	16	15.5	31	30.1	92.19	<.001	220
Turn	8*	7.7	28*	26.9	33	31.7	35	33.7	45.57	<.001	221
Friidrett	2*	1.9	46*	44.7	32	31.1	23	22.3	69.33	<.001	220

\*standardisert residual over  $\pm 2.0$ , dvs statistisk signifikant ( $p < .05$ ) forskjell mellom observert og forventa verdi i cella

Resultat for variabelen *generelt flink i gym*: 51 jenter (44.3%) svarar at dei kun samanliknar seg med andre jenter når dei vurderer kor flinke dei er i gym generelt. 5 jenter (4.3%) samanliknar seg kun med gitar, medan 38 (33%) samanliknar seg med både jenter og gitar. Dei resterande 21 jentene (18.3%) rapporterer at dei samanliknar seg med seg sjølv. Forskjellen mellom forventa og observert verdi er statistisk signifikant for jenter som samanliknar seg med andre jenter og jenter som samanliknar seg med andre gitar, noko den ikkje er for dei to resterande alternativa. Ingen gitar rapporterer at dei samanliknar seg kun med jenter når dei vurderer kor flinke dei er i gym generelt. Tilnærma halvparten av gutane (49 stykk, 47.1%) samanliknar seg kun med andre gitar. 22 gitar (21.2%) samanliknar seg både med jenter og gitar, og dei resterande 33 (31.7%) hevdar å nytte seg sjølv som referanse.

Forskjellen mellom observert og forventa verdi er kun signifikant for gutar som samanliknar seg kun med andre gutar, og kun med jenter. Kji-kvadrat ( $df = 3$ ) = 93.47, signifikant på 1%-nivået ( $p < .001$ ), og forskjellane mellom jenter og gutar er difor med svært stort sannsyn reelle.

Resultat for *dans*: Over halvparten av jentene (62 stykk, 53%) samanliknar seg kun med andre jenter når dei har dans i gymmen, og det er statistisk signifikant forskjell mellom observert og forventa verdi. Det er ingen jenter som rapporterer at dei samanliknar seg kun med gutar, også her er det signifikant forskjell mellom observert og forventa, medan 19 jenter (16.2%) samanliknar seg med begge kjønn. Ein stor andel jenter (36 stykk, 30.8%) samanliknar seg sjeldan med andre. Når det gjeld gutar rapporterer 12 stykk (11.7%) at dei samanliknar seg kun med andre jenter under danseaktivitet, og 26 gutar (25.2%) kan samanlikne seg med begge kjønn. 17 gutar (16.5%) hevdar å samanlikne seg kun med andre gutar. Den største delen av gutane finn vi under kategorien der ein samanliknar seg med seg sjølv, heile 48 stykk, 46.6%. Kun dei to første alternativa (andre jenter og andre gutar) har statistisk signifikant forskjell mellom observert og forventa verdi hjå gutane. Forskjellen mellom jenter og gutar er relativt tydeleg og er statistisk signifikant på 1%-nivå (kji-kvadrat ( $df = 3$ ) = 52.91 og  $p < .001$ ).

Resultata for *ballspel*: om lag ein fjerdedel av jentene (29 stykk, 24.8%) samanliknar seg med kun andre jenter under ballspel i kroppsøving. Berre 7 jenter (6%) samanliknar seg kun med gutar, medan heile 57 jenter (48.7%) rapporterer at dei samanliknar seg med begge kjønn. Dei resterande 24 (20.5%) har seg sjølv som referanse. Data for gutar viser at det kun er 1 gut (1%) som nyttar kun jenter som referanse ved ballspel, og 23 gutar (22.1%) som nyttar begge kjønn. Over halvparten av gutane (56 stykk, 53.8%) samanliknar seg kun med andre gutar, medan dei resterande 24 (23.1%) nyttar seg sjølv som referanse. Ballspel er einaste variabel der tre av alternativa viser statistisk signifikant forskjell mellom observert og forventa verdi. Dette gjeld for både jenter og gutar for alternativa andre jenter, andre gutar og begge kjønn. Forskjellen mellom jenter og gutar er signifikant, kji-kvadrat ( $df = 3$ ) = 78.2 og på 1%-nivå ( $p < .001$ ).

Resultat for *styrkeaktivitet*: 46 jenter (39.3%) svarar at dei samanliknar seg kun med andre jenter når dei har styrkeaktivetar i gymmen. 7 jenter (6%) samanliknar seg kun med motsett kjønn, medan 37 stykk (31.6%) samanliknar seg med begge kjønn. 27 jenter (23.1%) nyttar sine egne tidligare prestasjonar som referanseramme innan denne aktiviteten. Hjå gutane er det ingen som rapporterer at dei kun samanliknar seg med motsett kjønn ved styrkeaktivetar, men ei lita gruppe på 16 gutar (15.5%) svarar at dei samanliknar seg med begge kjønn. Vi finn flest gutar innan gruppa som kun samanliknar seg med andre gutar (56 stykk, 54.4%), og dei resterande som nyttar seg sjølv som referanse (31 stykk, 30.1%).

Forskjellen mellom observert og forventa verdi er kun signifikant ved dei to alternativa som inneber samanlikning med kun andre jenter eller kun andre gutar, og dette er tilfelle både for gute- og jentegruppa. Kji-kvadrat ved styrkeaktivitet = 92.19 ( $df = 3$ ), og forskjellen mellom jenter og gutar er signifikant på 1%-nivå ( $p < .001$ ).

Ei oppsummering fortel oss at referanserammene er varierende med ulike aktivitetar. Ein ser likevel ein trend der gutar i større grad vurderer seg mot sine tidlegare prestasjonar og ser lite til jenter, medan jentene i større grad nyttar motsett kjønn som referanseramme enn det gutar gjer.

### **Fysisk sjølvoppfatning ved spesifikke eigenskapar**

For å undersøke sjølvvurdering og fysisk sjølvoppfatning og om det er forskjellar mellom jenter og gutar med hensyn på dette, er det gjennomført t-test for to uavhengige grupper. Sumvariablane *styrke*, *uthald*, *kropp*, *smidig*, *flink i gym* og *trivsel* er nytta som testvariablar. *Cohen's d* er eit effektmål utrekna ved å dividere gjennomsnittsforskjellen mellom to grupper med standardavviket, og gir slik eit standardisert mål for forskjellar i gjennomsnitt (Cohen, 1988), her forskjellen mellom jenter og gutar. Ei vanleg beskriving av effekt er låg effekt ved  $d = 0.2$ , middels ved  $d = 0.5$  og høg effekt ved  $d > 0.8$  (Cohen, 1988), og denne vil også bli nytta her.

Tabell 4 presenterer forskjellar mellom jenter og gutar, gitt ved forskjell i gjennomsnitt mellom dei to gruppene. Jenter=gruppe 1, gutar=gruppe 2. Negativt forteikn ved gjennomsnittsforskjell betyr at gutar vurderer seg meir positivt enn jentene. Positivt forteikn betyr at jentene vurderer seg meir positivt enn gutane. Dei fire første sumvariablane i tabellen (styrke, uthaldenheit, kropp og smidig) er variablar som går under begrepet fysisk sjølvoppfatning.

**Tabell 4: Kjønnsforskjellar i fysisk sjølvoppfatning, eigen prestasjon og trivsel i kroppsøving blant elevar på 8.-10.trinn**

Sumvariabel	Gjennomsnittsforskjell	Std.feil	Df	t	p	Cohen's d
Styrke	-1.55	0.50	218	-3.14	.002	0.43
Uthaldenheit	-1.45	0.54	217	-2.67	.008	0.36
Kropp	-2.64	0.61	214	-4.35	<.001	0.59
Smidig	0.70	0.54	214	1.31	.192	0.19
Flink i gym	-1.74	0.50	215	-3.47	.001	0.47
Trivsel	-1.49	0.72	214	-2.05	.041	0.28

Tabellen viser elevane si vurdering av eigen prestasjon og evner generelt i kroppsøving gitt ved variabelen *flink i gym*, i tillegg til trivselen i faget/om dei likar kroppsøving. I dette utvalet vurderer gutar seg som flinkare i gym enn jenter. Gjennomsnittsforskjellen mellom jenter og gutar er 1.74, og er signifikant ( $p = .001$ ). Vi kan difor gå ut i frå at jenter faktisk vurderer seg som svakare i gym enn gutar. Effekten er middels høg då  $d = 0.47$ . Jenter viser også signifikant lågare *trivsel* i kroppsøving enn gutar med ein snittforskjell på 1.49. Forskjellen er signifikant på 5%-nivå ( $p = .041$ ) og vi kan difor sei at det mest truleg eksisterer ein reell forskjell i trivsel mellom jenter og gutar i kroppsøving i dette utvalet.

Oppsummert kan vi seie at gutar ser seg sjølv som flinkare i kroppsøving og trivst betre i timane enn kva jentene gjer.

Resultat for variablane som inngår i begrepet fysisk sjølvoppfatning: Ved sumvariabelen *styrke* er det ein gjennomsnittsforskjell på 1.55 mellom jenter og gutar, og denne forskjellen er statistisk signifikant på 1%-nivå ( $p = .002$ ). Gutar på 8.-10.trinn har altså signifikant meir positiv sjølvvurdering innan styrke enn det jenter har, der det kun er 0.2% sjanse for at denne forskjellen er tilfeldig. Effektstorleiken er  $d = 0.43$  og effekten kan difor karakteriserast som middels sterk. Innan *uthaldenheit* er gjennomsnittsforskjellen mellom gutar og jenter 1.45. Igjen viser gutar meir positiv sjølvvurdering enn jenter, og forskjellen er statistisk signifikant ( $p = .008$ ). Det er 0.8% sjanse for at forskjellen skuldast tilfeldigeheiter. Effekten karakteriserast som svak til middels høg ved  $d = 0.36$ . Ved sumvariabelen *kropp*, som betyr korleis elevane vurderer sin eigen kropp og utsjånad, finn vi den største forskjellen

mellom jenter og gutar. Gjennomsnittforskjellen er 2.64, og forskjellen er signifikant på alle nivå då  $p < .001$ . Det er med andre ord svært lite sannsyn for at denne forskjellen skuldast tilfeldigheter, og vi kan tolke forskjellen som at det eksisterer ein faktisk reell forskjell mellom jenter og gutar. Effektstorleiken er  $d = 0.59$  og effekten karakteriserast som middels høg. Sumvariabelen *smidigheit* er einaste variabel der jenter skårar gjennomsnittleg høgare enn gutar. Gjennomsnittforskjellen er 0.70 i favør jenter, men denne forskjellen er ikkje statistisk signifikant då  $p = 0.192$ , noko som er langt over 5%-nivå som er sett som høgaste grense for gyldigheit. Det er 19.2% sjanse for at forskjellen skuldast tilfeldigheter, og vi kan difor ikkje gå ut i frå at det eksisterer ein reell forskjellen med hensyn på korleis jenter og gutar vurderer kor smidige dei er. Effektstorleiken  $d = 0.19$  karakteriserast som låg effekt.

Oppsummert ser vi at gutar viser generelt høgare fysisk sjølvoppfatning enn jenter, sett vekk i frå variabelen smidig der jentene skårar høgare. Forskjellane er signifikante, utanom ved smidigheit der forskjellen ikkje er rekna som statistisk signifikant.





## Diskusjon

Denne oppgåva har undersøkt ungdomsskuleelevar sine referanserammer i kroppsøving gjennom problemstillinga ”er det forskjellar mellom jenter og gutar sine sosiale samanlikningsmønster?”. Funna vil bli diskutert i lys av tidlegare forskning og teoretisk grunnlag, men ved å først konkret svare på forskingsspørsmåla kan ein få ei oversikt over kva resultatata viser:

1) Kven samanliknar jenter og gutar seg med når dei vurderer eigne fysiske eigenskapar? Resultata viser at gutar i liten grad samanliknar seg med jenter, medan jenter er litt meir tilbøyelege til å samanlikne seg med gutar, sjølv om mange samanliknar seg med same kjønn, seg sjølv eller begge kjønn. Funna i denne studien viser difor at referanserammene til jenter og gutar på ungdomsskulen varierer med hensyn på fysisk eigenskap.

2) Kven samanliknar jentene og gutane seg med under konkrete aktivitetar? Dette varierer med aktiviteten, men ein kan sjå eit mønster der gutar ikkje samanliknar seg med jenter ved aktivitetar som krev maskuline ferdigheiter, medan fleire gutar samanliknar seg med jenter ved feminine aktivitetar. Generelt er jenter meir opne for å samanlikne seg med gutar, men ikkje innan ”jentete” aktivitetar som dans. Resultata viser at referanserammene varierer med aktivitet i kroppsøvingstimane.

3) Er det meir sosial samanlikning blant jenter i kroppsøving enn det er blant gutar? Det er totalt noko meir sosial samanlikning blant jentene i kroppsøving, då resultatata viser at fleire gutar enn jenter samanliknar seg med seg sjølv i forhold til tidlegare, framfor samanlikning med andre gutar og/eller jenter. Dette gjeld ikkje for vurdering av eigenskapar åleine, men ein ser det tydelegare ved vurdering innan aktivitetar.

4) Samanliknar jenter seg meir med motsett kjønn enn det gutar gjer? Studien viser ein tendens der jenter samanliknar seg med motsett kjønn meir enn det gutar gjer.

5) Er det fysiske eigenskapar der jenter har meir positiv sjølvopfatning enn gutar eller har gutar alltid meir positiv fysisk sjølvopfatning, og kan ein sjå eit felles mønster med referanserammene? Gutar har generelt meir positiv sjølvopfatning enn jenter, men jenter skårar høgare ved variabelen smidigheit. Dette er også den variabelen der færrest jenter samanliknar seg med andre gutar. Tyder dette på at jenter har meir positiv sjølvopfatning når dei ikkje samanliknar seg med gutar? Vidare er variabelen der jentene har skåra lågast på sjølvopfatning den same variabelen som der flest jenter samanliknar seg med andre generelt. Er dette ein indikasjon på at sosial samanlikning generelt er negativt for sjølvopfatninga? Det

ser ut i frå dette ut som det er eit felles mønster mellom referanserammer og fysisk sjølvoppfatning, utan at ein kan seie noko meir sikkert om dette før ein gjer fleire analyser.

### **Funn og forventningar om sosial samanlikning i kroppsøvingfaget**

Klassekameratane er den viktigaste og ofte den einaste referansegruppa for skuleprestasjonar, då også innan kroppsøving (Skaalvik, 2006). Elevane er jamgamle og nyttar mykje tid ilag, og får etterkvart karakterar, noko som er eit godt utgangspunkt for samanlikning. Som Festinger (1954) seier så vil faktorar som aukar ei gruppe sin status som referansegruppe også auke ”kravet” om å likne på gruppa, og eit godt eksempel er skuleklassen. Her må ein jo vere medlem på grunn av obligatorisk skulegang og ein finn individ på same alder, noko som inneber at det ikkje er altfor stor nivåforskjell mellom elevane. Ein kan difor automatisk assosiere seg med klassekameratane, og klassen har difor høg status som referansegruppe (Brewer og Gardner, 1996; Festinger, 1954).

Kroppsøving på ungdomsskulen kan også for mange vere eit konkurranseprega fag då ein har karakterar og det er lett å sjå andre sin fysiske prestasjon og vurdere opp mot sin eigen, og tendensen til sosial samanlikning vil auke i konkurransesituasjon (Skaalvik, 2006). Vi kan difor seie at det er stort sannsyn for at ein vil samanlikne seg med andre i kroppsøvingstimane, noko elevane også rapporterer at dei gjer i stor grad.

Med utgangspunkt i at elevane i dette utvalet har kroppsøving i samla klasse vil elevane møte den same referansegruppa ved kvar time og ha moglegheit til å samanlikne seg med både jenter og gutar. Margas mfl. (2006) har vist at effekten av sosial samanlikning er veldig sterk når det gjeld påverking av sjølvoppfatninga, og at dette mest truleg også vil gjelde ved fysisk aktivitet. For å tydeleggjere korleis referanseramma er avgjerande for sjølvoppfatninga kan ein setje big-fish-little-pond-effekten (Marsh og Parker, 1984) i ein fysisk kontekst: Ei jente er veldig fysisk sterk og har kroppsøving i samla klasse. Ho er sterkare enn alle dei andre jentene i klassen, men er svakare enn mange av gutane. Dersom ho samanliknar sin styrke med jentene i klassen vil ho vurdere seg sjølv positivt sidan ho er sterkast, og slik ha god fysisk sjølvoppfatning. Om ho samanliknar seg med gutane vil ho vurdere seg dårlegare sidan ho no er blant dei svakaste, og sjølvoppfatninga bli lågare og meir negativ. Om ho kun tek hensyn til styrke vil ho ha middels god sjølvoppfatning sidan ho då er plassert midt på treet.

Vi ser ut i frå dette eksempelet korleis referansegruppa og rammene for samanlikning er avgjerande for korleis ein ser seg sjølv, og i enkelte tilfelle meir avgjerande enn faktisk prestasjon (Klomsten, 2006; Marsh og Parker, 1984), og ein ser at sosial samanlikning ikkje er

eit "rett-fram"-tema. Ut i frå Festinger (1954) sin teori om sosial samanlikning vil ein kunne forvente jentene samanlikne seg med jenter og gutar med gutar om ein ser berre på kjønn. Om ein ser dette med hensyn på fysisk eigenskap vil ein i følgje teorien og tidlegare forskning samanlikne seg med dei som er på om lag same nivå som ein sjølv og litt betre (Buunk mfl., 2005; Festinger, 1954; Marsh mfl., 2008), uansett kjønn, då dette vil gi best informasjon om eige prestasjonsnivå. Gutar vil i dette tilfellet helst likevel samanlikne seg med gutar, då jenter gjerne ikkje stiller like sterkt fysisk som gutane i denne aldersgruppa og difor vil gi mindre spesifikk informasjon om eins eige prestasjonsnivå (Festinger, 1954).

Resultata viser også at ved vurdering av eigen styrke, uthaldenheit og kropp er det ingen gutar som samanliknar seg med berre jenter, i motsetnad til eit lite tal jenter som svarar at dei berre nyttar andre gutar som samanlikningsgrunnlag. Det er også færre gutar enn jenter som svarar at dei samanliknar seg med både gutar og jenter ved variablane styrke og uthaldenheit. Desse funna kan tyde på at det er meir vanleg for jentene å nytte motsett kjønn som referansegrunnlag når dei vurderer eigen styrke og uthaldenheit, enn det er blant gutane, sjølv om tala ikkje er store. Resultatet gir også meining dersom ein ser det i samanheng med at jenter er meir kritiske til seg sjølv og sine prestasjonar (Imsen, 1996), noko som kan vere eit resultat av samanlikning oppover.

Om det er eit faktum at jenter generelt er meir kritiske til seg sjølv og sine ferdigheiter (Imsen, 1996) kan det tolkast som ein indikasjon på at det er meir sosial samanlikning generelt blant jenter, då ein ved samanlikning med seg sjølv og sin tidlegare prestasjon mest truleg vil auke sjølvoppfatninga til det meir positive i og med at det er ein samanheng mellom meistring og sjølvoppfatning (Bandura, 1996; Skaalvik, 2006). Resultata i studien viser at det er meir sosial samanlikning blant gutar enn jenter ved vurdering av eigen styrke og uthaldenheit, medan det ved kroppsleg utsjånad og smidigheit er færre jenter som samanliknar seg med seg sjølv og heller med andre. Det er altså overvekt av samanlikning blant gutar ved to variablar og overvekt av jenter ved dei to andre. Ut i frå resultat frå vurdering av eigne fysiske eigenskapar kan ein ikkje hevde at det er meir sosial samanlikning blant jenter enn blant gutar, men heller at det varierer med hensyn på eigenskapen.

Resultata for samanlikning ved spesifikke aktivitetar er noko meir eintydige. Ved ballspel, styrkeaktivitet og friidrett, og når elevane vurderer kor flinke dei er i gym generelt, er fleire jenter enn gutar som nyttar motsett kjønn som referanseramme. Dette ser ein ut i frå svarprosenten ved alternativa for samanlikning med kun motsett kjønn eller begge kjønn. Det er generelt fleire gutar enn jenter som har svart at dei samanliknar seg med seg sjølv i forhold til tidlegare når dei vert spurt samanlikningsvanar ved spesifikke aktivitetar. Dette varierer frå

aktivitet til aktivitet og ved enkelte av variablane er det marginale forskjellar mellom svarprosenten til kjønna for dette alternativet, men trenden her viser at det er meir vanleg blant jentene å samanlikne seg med andre enn det er blant gutane.

Det er grunn til å tru at referansemønstera tilknytt eigenskapane står i samanheng med mønstera for aktivitetane, då eksempelvis smidigheit er ein essensiell eigenskap innan turn og fysisk styrke avgjerande for prestasjonen ved styrkeaktivitetar. Dette er også støtta av resultatane. Referanserammene til elevane ved aktivitetane ballspel, styrke og friidrett viser fellestrekk med funna for eigenskapsvariablane styrke og uthaldenheit, der det er mindre vanleg blant gutane å samanlikne seg med jentene enn omvendt. Både styrke og uthald er sentrale eigenskapar ved ballspel, styrkeaktivitet og friidrett og dette er difor i tråd med antakinga. Ein kan også sjå parallellar mellom resultatane for dans og turn, og resultatane for variabelen smidigheit, noko som gir meining då det er grunn til å tru at smidigheit er sentralt for å prestere godt i begge desse aktivitetane.

Det ser ut til at det generelt er meir akseptert blant gutar å samanlikne seg med jenter når det er jentene som er det ”leiande” kjønnet, det vil seie når aktiviteten er jentestempla. Motsett er det mindre vanleg å samanlikne seg med jenter når aktiviteten er maskulin og gutestempla. Her kan ein også trekkje linjer til kva aktivitetar dei unge likar, konkurransefokus og kva aktivitetar dei deltek i på fritida (Imsen, 1996; Ingebrigtsen og Mehus, 2006). Gutar vil ikkje delta i dei typiske jenteaktivitetane som dans, men det er mange jenter som vert trekt mot guteaktivitetar som fotball (Ingebrigtsen, 2004). Kvifor går det ”berre” ein veg? Kjønnstereotypi og sosialisering er mogleg den beste forklaringa (Kling mfl., 1999), der ein vert lært opp til at slik er det berre.

### **Er det variablar som spesielt skil seg ut ved samanlikning?**

Variabelen smidigheit skil seg ut på den måten at det eit lite tal gutar som svarar at dei samanliknar seg kun med andre jenter, noko det ikkje er ved dei andre undersøkte eigenskapane. I tillegg er det ei rimeleg stor gruppe gutar (29,8%) som svarar at dei samanliknar seg med både gutar og jenter. Ved vurdering av eigen smidigheit er det også færre jenter som samanliknar seg med gutar åleine eller både gutar og jenter enn ved styrke og uthaldenheit. Kvifor vil jenter eventuelt helst samanlikne seg med jenter her, men ikkje ved dei andre eigenskapane? Er det fordi dei veit at gutane stort sett er betre og at det difor ikkje har hensikt å måle seg opp mot dei? Jenter ofte er smidigare enn gutar, så det gir ikkje heilt meining, men nettopp det at jenter gjerne presterer betre ved smidigheit gjer at andre jenter er

meir aktuelle som samanlikningsgrunnlag. Ein vil jo helst samanlikne seg med dei som er like ein sjølv, og som er like gode eller litt betre (Buunk mfl., 2005; Festinger, 1954; Marsh mfl., 2008).

Som nemnt er det å vere smidig sett på som ein feminin eigenskap (Klomsten mfl. 2004), og ein tanke kan vere at det difor er meir "lovleg" som gut å samanlikne seg med jenter når ein vurderer sin eigen smidigheit. Dette er ein arena der jentene kan setje standarden, og difor er det nesten rart ikkje fleire gutar samanliknar seg med jenter her.

Ein annan variabel som utmerkar seg er kroppsleg utsjånad. Dette er den undersøkte variabelen som går under fysisk sjølvoppfatning der det er størst forskjell mellom jentegruppa og gutegruppa, der jentene skårar mykje lågare med tanke på kor nøgde dei er med eigen kropp. Denne variabelen utmerkar seg også gjennom å ha flest samanliknar elevar som samanliknar seg med same kjønn, noko som gjeld både gutar (60,6%) og jenter (70,9%). Det er tydeleg at andre er svært viktige i vurderinga av eigen kropp, både blant jenter og gutar. Dette er svært logisk ettersom jentekroppen og gutekroppen utviklar seg ulikt i løpet av ungdomsskulen (Andrews og Johansen, 2005; Imsen, 1996), og same kjønn er difor betre egna som referansegrunnlag (Festinger, 1954). Likevel er det fleire jenter enn gutar som samanliknar seg med andre ved vurdering av eigen kropp, det vil seie som har svart eit anna alternativ enn at dei samanliknar seg med seg sjølv. Det er difor meir sosial samanlikning blant jenter her, enn det er blant gutar.

Om ein ser på resultata for variablane uthaldenheit og styrke ser ein at det er om lag dobbelt så mange gutar som samanliknar seg med både jenter og gutar ved vurdering av eigen uthaldenheit enn ved styrke. Ei mogleg forklaring på dette er at styrke kan vere sett på som ein meir typisk guteeigenskap (Andrews og Johansen, 2005, 2007; Ommundsen, 2006) enn uthaldenheit, og at jentene difor ikkje er sett på som likeverdige samanlikningsgrunnlag sidan gutane oftast er sterkare enn jentene. Uthaldenheit er mogleg ikkje like gutestempla og jenter kan difor vere meir likeverdige samanlikningsgrunnlag (Festinger, 1954). Styrkeaktivitet står fram på same måte som eigenskapen styrke: eit område der svært få gutar samanliknar seg med jenter. Igjen, fysisk styrke er ofte sett på som maskulint (Klomsten mfl., 2005), og det er difor forventa at jenter ikkje blir brukt som samanlikningsgrunnlag blant gutane (Festinger, 1954).

Dans skil seg ut i som einaste aktivitet der ingen jenter har kun gutar som referanseramme og få jenter samanliknar seg med både gutar og jenter, kun 16,2%. I tillegg er det ei relativt stor gruppe gutar som samanliknar seg kun med jenter (11,7%) og fleire gutar samanliknar seg med begge kjønn (25,2%). Det er altså langt fleire gutar som samanliknar seg med motsett kjønn innan dans enn kva det er jenter. Dans er óg den av aktivitetane der flest

gutar nyttar kun jenter som samanlikningsgrunnlag, og der færrest gutar samanliknar seg kun med andre gutar. Jenter er gjerne oppfatta som meir dyktige innan dans og ein kan difor anta at det er jenter som set standarden her. Aktiviteten er difor stempla som feminin (Klømsten mfl., 2005; Ommundsen, 2006), og jenter er difor meir aktuelle som referansepersonar enn gutane (Festinger, 1954).

Turn viser liknande tendensar, men ikkje like markant som dans. Her er det også relativt få jenter som har gutar som referanseramme, og det er fleire gutar enn jenter som berre nyttar motsett kjønn som referanseramme enn ved dei andre aktivitetane. Dette er funn som styrkar tanken om at det generelt er meir akseptert blant gutar å samanlikne seg med jenter når det er jentene som er det "leiande" kjønnet innan aktiviteten.

### **Fysisk sjølvoppfatning ved spesifikke eigenskapar**

Er det fysiske eigenskapar der jenter har meir positiv sjølvoppfatning enn gutar eller har gutar alltid meir positiv fysisk sjølvoppfatning? Bakgrunnen for dette spørsmålet er at kroppsøving er eit samansett fag der ein er avhengig av fleire typar fysiske eigenskapar, og sjølv om gutar viser generelt høgare fysisk sjølvoppfatning er det ikkje sikkert dette gjeld for alle eigenskapar som går inn under begrepet fysisk sjølvoppfatning (Marsh og Parker, 1984; Skaalvik, 2006; Wigfield og Eccles, 2000). Sjølvvurderinga og sjølvoppfatninga er difor ikkje nødvendigvis stabil om ein kontrollerer for spesifikke område (Skaalvik, 2006). Eit anna moment som vil spele inn er sosial samanlikning som kjelde til sjølvoppfatning, der sjølvoppfatninga vert påverka negativt om ein alltid samanliknar seg med betre elevar (Festinger, 1954; Skaalvik og Skaalvik, 2005). Resultata viser at ein ikkje alltid har den same referanseramma, og det er difor interessant å sjå om også den fysiske sjølvoppfatninga også varierer med eigenskapen, og om ein kan trekkje nokre trådar mellom elevanes sjølvoppfatning og referanseramme.

Resultata viser at gutar på ungdomsskuletrinna har signifikant meir positiv fysisk sjølvvurdering enn jenter ved innanfor eigenskapane styrke, uthaldenheit og kroppsleg utsjånad. Resultata viser også at gutane trivst betre i faget enn jentene, og ser eigne generelle ferdigheiter og prestasjonar i kroppsøving som sterkare, gitt ved variabelen "flink i gym". Desse funna stemmer overeins med tidlegare forskning (t.d. Ingebrigtsen, 2004; Klømsten mfl., 2004). Kun ved vurdering av eigen smidigheit viser jentene meir positiv sjølvvurdering enn gutane, men denne forskjellen er ikkje statistisk signifikant ( $p > .05$ ) og vi kan difor ikkje sei det er ein reell forskjell mellom jenter og gutar her.

Jentene si ”eksponeringsangst” (Imsen, 1996) kan bidra som ein forklaringsfaktor på kvifor jenter trivst i mindre grad enn gutane i kroppsoving, då dette er eitt av dei faga kroppen er mest eksponert. Når dei i tillegg ikkje vurderer eigne fysiske evner like positivt som gutane, er det vanskeleg å skulle trivast og å generelt sjå seg sjølv som god i ein setting der ein er avhengig av fysiske evner. Enkelte jenter vil sjølvsagt prestere godt i kroppsoving, og Andrews og Johansen (2005) hevdar på bakgrunn av dette at jentene som er mindre flinke i gym må måle seg både mot dei flinke jentene og gutane og at det er i hovudsak desse mindre flinke jentene som trivst minst og har lågast fysisk sjølvoppfatning. Trivsel er også vist å henge saman med oppleving av meistring, og oppleving av meistring heng saman med positiv sjølvvurdering og sjølvoppfatning (Bandura, 1997; Skaalvik, 2006). Ein kan difor også sjå ein samanheng mellom det å vurdere seg positivt og auka trivsel, då det er grunn til å tru at ein opplever meir meistring ved betre evner (Vedul-Kjelsås, Sigmundsson, Stensdotter og Haga, 2011).

Faktisk fysisk prestasjon i dei fleste tilfelle er avhengig av evner og kompetanse (Vedul-Kjelsås mfl., 2011). Det at gutar er meir nøgde med eigen styrke og uthaldenheit er også i tråd med fysiologisk føresetnader, sidan gutar faktisk ofte har betre uthaldenheit og er sterkare enn dei fleste jenter etter puberteten (Imsen, 1996; Klomsten, 2006). På grunn av naturleg biologisk utvikling er det difor logisk at gutar har høgare sjølvoppfatning enn jentene. At gutar skårar høgare ved variablane flink i gym, trivsel, styrke og uthaldenheit kan difor mogleg forklarast med grunnlag i fysiologiske forskjellar mellom kjønna. I tillegg til fysiologiske grunnar til gutanes fordel er det diskutert kjønnsstereotypiar og forventningar knytt til kjønn som resultat av sosialisering som ei mogleg forklaring på kvifor gutar har generelt høgare fysisk sjølvoppfatning (Klomsten, 2006; Klomsten mfl., 2004; Schwalbe og Staples, 1991). Det er gjennomført studiar som viser at kjensla av kompetanse er større når ein oppfattar aktiviteten som ”kjønnspassande”, og dette verkar meir negativt inn på jenter når dei må delta i aktivitetar som er vurdert som maskuline og gutestempla, samanlikna med gutar som deltek i jenteaktivitetar (Ommundsen, 2006). Kan det vere slik at gutar tenkjer at når aktivitetane passar for jenter, så må dei vere så lette at gutane kan klare dei også? Ein ser i alle fall ut i frå resultatane ein tendens der gutane samanliknar seg meir med jenter ved jenteaktivitet.

I følgje tidlegare forskning ser det også ut til at kroppsovingsfaget har hovudfokus på aktivitetar som er best likt blant gutane (Andrews og Johansen, 2005, 2007; Imsen, 1996). Gutar ”skal” slik sett ha betre fysisk sjølvoppfatning då det vert nytta mest tid på aktivitetar som passar best for gutar. Dette kan også føre til at gutar startar å tru at dei er dyktigare sjølv om dei i praksis ikkje nødvendigvis er det. Vil ein då som jente bevisst eller ubevisst

samanlikne seg med gutar fordi dei set ein slags standard eller ei norm for kva som er best, korrekt og akseptert prestasjon? Denne stereotypiforklaringa stemmer overeins med resultata for variablane flink i gym, styrke, uthaldenheit og smidigheit i denne studien, då gutane skårar høgst på desse tre første variablane, som er maskuline eigenskapar, og jenter på smidigheit, som er ein feminin eigenskap.

Det er interessant at jenter skårar meir positivt enn gutar når dei vert spurt om eigen smidigheit, sjølv om forskjellen ikkje nødvendigvis er reell ( $p > .05$ ). Klomsten mfl. (2004) stilte eit spørsmål om jenter skal vurdere seg meir positivt enn gutar innan smidigheit då dette er sett på som ein feminin eigenskap, men resultata viste at gutane vurderte seg meir positivt også der. Det er difor ikkje samsvar mellom resultatet i denne studien og det Klomsten mfl. (2004) fann, då jenter i dette tilfellet vurderer seg meir positivt enn gutar.

Det at smidigheit skil seg ut som einaste eigenskap der jenter vurderer seg meir positivt enn gutar er også interessant om ein ser på samanlikningsgrunnlaget til elevane. Det er færre jenter som samanliknar seg med gutar og fleire gutar som samanliknar seg med jenter ved variabelen smidigheit enn dei andre undersøkte variablane. Dette kan vere ein indikasjon på ein samanheng mellom sjølvoppfatning og referanseramma, der jenter får betre sjølvoppfatning når dei ikkje samanliknar seg mot denne standarden som til vanleg presterar betre enn dei. På ei annan side er det å vere smidig, tøyeleg og mjuk er tradisjonelt sett som feminint, og aktivitetar der ein er avhengig av å vere smidig og tøyeleg er sett på som jenteaktivitetar (Andrews og Johansen, 2005; Klomsten mfl., 2005). Jenter er også ofte meir smidige enn gutar og det er difor jenter som set ein slags standard for denne eigenskapet, og det er heller difor ikkje unaturleg at dei vurderer seg meir positivt. Om jentene held standarden for smidigheit og gutane ikkje presterer like bra er det også logisk at gutane vurderer seg mindre positivt her.

Det faktum at gutar er meir nøgde med eigen kropp er det ingen fysiologiske årsaker til. Dette er likevel variabelen der det er størst forskjell mellom kjønna. Korleis skal ein forklare dette? Normative årsaker kan ligge til grunn her; det er meir "lov" for ein gut å sei at han er nøgd med seg sjølv og eigen kropp enn det er for ei jente. Dette er sjølvsagt berre spekulasjonar, men i enkelte ungdomsmiljø og kulturar kan det verke som det er mindre akseptert at jenter er nøgde med seg sjølv. Funnet kan også sjåast i samanheng med Imsen (1996) sine funn, der det føreligg indikasjonar på at jenter er meir kritiske når dei vurderer seg sjølv enn kva gutar er. Ein ser også at det er fleire jenter enn gutar som samanliknar seg med andre ved vurdering av eigen kropp, noko som kan tyde på at sosial samanlikning påverkar sjølvoppfatninga negativt.



Eit interessant spørsmål er korleis sosial samanlikning blant idrettsaktiv ungdom artar seg. Trautwein mfl. (2008) oppsummerer forskingsresultat som viser ein positiv samanheng mellom fysisk sjølvoppfatning, aktivitetsnivå og fysiske evner. Ungdom som er idrettsaktive har meir positiv fysisk sjølvoppfatning enn dei som ikkje deltek i idrett, og sjølvoppfatninga har vorte styrka etter deltaking, dette truleg fordi deltaking i idrett gir ei oppleving av meistring, og fungerer som ei positiv erfaring (Bandura, 1997; Skaalvik, 2006). Kroppsøving er jo ikkje frivillig og gir difor nødvendigvis ikkje denne effekten av opplevd meistring og auka sjølvoppfatning hjå alle. Klassekameratane er likevel gjerne rekna som den viktigaste referansegruppa for barn og unge (Skaalvik, 2006), men innan organisert idrett vil andre aktive elevar utgjere ei meir aktuell referansegruppe for kropp og fysisk-motorisk sjølvoppfatning enn den vanlege skuleklassen, sidan klassen består av både aktive og inaktive, jamfør Festinger (1954) og kven vi helst samanliknar oss med. Klassekameratar som ikkje er aktive på fritida kan likevel utgjere ei samanlikningsgruppe ved fysisk aktivitet om alle i klassen har kroppsøving samla (Skaalvik, 2006).

Ei mogleg hypotese er at jenter som er aktive på fritida vil samanlikne seg meir med gutar enn jenter som ikkje er aktive. Grunnlaget for denne påstanden er at aktive jenter er i betre form og er sterkare enn lite aktive jenter, og det gir difor ikkje ”meining” å samanlikne seg med kun svakare individ. Gutar er fysiologisk sterkare og betre, og gir difor eit meir likeverdig samanlikningsgrunnlag (Festinger, 1954). På ei anna side ser vi at fysisk aktive har meir positiv sjølvoppfatning, og det er difor ikkje heilt logisk at dei stadig samanliknar seg med betre og sterkare individ då dette ofte er ei kjelde til meir negativ sjølvoppfatning (Marsh og Parker, 1984; Marsh mfl., 2008; Skaalvik, 2006; Trautwein mfl., 2008). Referanseramma for fysisk sjølvoppfatning hjå ein idrettsaktiv elev vil difor vere meir komplisert og samansett enn hjå elevar som ikkje er aktive på fritida, då dei kan samanlikne seg både med treningskameratar og skuleklassen, og aktive og ikkje-aktive (Trautwein mfl., 2008), og Skaalvik (2006) har mest truleg rett når han hevdar det er vanskelegare å predikere sosial samanlikning for fysisk aktivitet, samanlikna med teoretiske skulefag.

Det er uansett eit skilje mellom jenter og gutars oppleving av kroppsøvingfaget på ungdomsskuletrinna, noko tidlegare forskning viser (Andrews og Johansen, 2005, 2007; Ingebrigtsen, 2004; Ingebrigtsen og Mehus, 2006; Skaalvik, 2006), og resultatata i denne studien vitnar om. Både jenter og gutar skal likevel kunne oppleve meistring og trivsel i kroppsøvingfaget, sjølv om kjønnsforskjellane gjerne kjem ekstra godt fram i eit fag som avheng av fysiske og motoriske evner. På grunnlag av dette påpeikar Bandura (1997) at det

difor er viktig med tilgang på individ for ei ”sunn” samanlikning, som kan bidra til ei positiv sjølvvurdering og vidare ei positiv sjølvoppfatning, noko eg seier meg einig i.

Likevel er det ikkje så enkelt at ein kan seie at grunnen til at jenter har lågare fysisk sjølvoppfatning er at dei samanliknar seg for mykje med dyktigare elevar, då det er mange årsaker til og måtar og påverke sjølvoppfatninga på. Når ein skal forklare menneskeleg åtferd og tankegang kan ein heller ikkje sjå på kun ein faktor, ein må sjå samspelet mellom fleire faktorar. Mange jenter vil eksempelvis sjå det faktum at dei er svakare enn gutane som naturleg og fysiologisk forklart, og difor ikkje let det påverke sjølvoppfatninga. Ei sterk jente vil gjerne fokusere på at ho er sterkast blant jentene, ikkje nødvendigvis at ho er svakare enn mange gutar. Dette heng også saman med psykologisk sentralitet (Rosenberg, 1979); det er ikkje sikkert det er viktig for jenta å vere sterk, og ho har difor eit nøytralt standpunkt til sin styrke. Det vil som nemnt vere mest kritisk for sjølvoppfatninga å lykkast innan aktivitetar ein ser sjølv ser på som viktige, men sidan det sosiale og andre sine meiningar spelar ei stor rolle for utvikling av sjølvoppfatning i ungdomsåra, vil ein ofte også gjerne vere dyktig i aktivitetar som vert sett på som viktige av andre (Rosenberg, 1979). Som vi ser er det mange og kompliserte faktorar som kan spele inn, og det er difor vanskeleg å komme med ei enkelt forklaring på sosiale fenomen.

### **Oppsummering**

Så, er det forskjellar mellom jenter og gutar sine sosiale samanlikningsmønster? Vi ser ut i frå denne studien at det er forskjell mellom jenter og gutars referanserammer i kroppsøving. Det er ein trend der jenter i større grad samanliknar seg med motsett kjønn enn kva gutar gjer, i tillegg til at det generelt er meir sosial samanlikning blant jenter enn gutar. Jenter ser generelt ut til å vere meir kritiske til seg sjølv og ei mogleg forklaring kan ligge i sosial samanlikning. Om ein er meir oppteken av sosial samanlikning kan ein bli meir sjølvkritisk, då ein får fleire grunnlag og modellar for samanlikning og vurdering enn dersom ein kun vurderer seg sjølv opp mot korleis ein sjølv var tidlegare. Dersom jenter konstant er meir kritiske til seg sjølv vil dei kroppslege endringane som kjem med alderen ikkje gjere det enklare, i tillegg til at ein på ungdomsskulen opplev ei ekstern vurdering i form av karakterar. Er det eventuelle begrensingar ved studien som kan ha ”forstyrra” desse resultatata?

## Begrensingar ved eigen studie

Ein har to typar kjelder til målefeil innan forskning, systematiske og tilfeldige. Ein mogleg systematisk målefeil under ei slik type datainnsamling som er gjennomført i denne studien er ”sosial ønskelegheit” (Ringdal, 2007). Dette inneber at elevane svarar det dei trur andre meiner er rett eller andre ønskjer dei skal svare. Kan det også vere ein forskjell i korleis jenter og gutar svarar? Vil eitt kjønn ”undersvare” i den forstand at ein er redd for å virke for sjølvsiikker, jamfør funn som viser at jenter er kritiske til seg sjølv og eigne prestasjonar, eller er det ok for alle å seie at ein er flink i gym? Det vart lagt vekt på at ingen svar er rett eller feil under datainnsamlinga, og elevane i denne undersøkinga vart difor oppmuntra til å svare ut i frå eigen meining og ikkje tenke på kva andre ville ha svart. Det vil også vere ein sjanse for at nokon misforstår spørsmål og påstandar, men ved at eg sjølv var tilstade og oppmuntra elevane til å spørje dersom dei var i tvil er denne feilkjelda minimert mest mogleg.

Ein anna feilkjelde vil vere systematisk fråfall av respondentar som kan føre til ei skeivfordeling av resultat samanlikna med verkelegheita, i motsetnad til tilfeldig fråfall som ikkje vil verke negativt i same grad (Kleven, 2011). Ved å møte opp med spørjeskjema og nødvendig utstyr sørgjer ein for at flest mogleg svarar, og unngår difor fråfall og låg svarprosent som ein ofte opplev dersom ein nyttar nettbaserte spørjeskjema eller svar via post. Dette var ikkje noko problem ved denne studien, då alle elevane som tok imot spørjeskjema også fylte det ut.

Feil skulda person er ei feilkjelde kvantitative forskingsprosjekt er utsett for, eksempelvis når ein etterbehandlar dei besvarte spørjeskjema (Kleven, 2011). Dette spørjeskjemaet vart utforma på ein slik måte at dei ferdigutfylte skjema kunne lesast maskinelt, noko som gjer at ein sparar tid i etterkant samanlikna med å punche resultata manuelt. Dette reduserer også sannsynet for tilfeldige målefeil skulda personfeil.

Utvalet i denne studien er ikkje tilfeldig trekt. I ein slik studie ville eit større, randomisert utval som representerer heile landet vore det ideelle, men tilgjengelegheit og tidsaspektet har vore avgjerande og utvalet er difor ikkje så representativt for målpopulasjonen som ein gjerne skulle ønskje. Det at utvalet er trekt frå same geografiske område og middels store skular kan ha ein innverknad på resultatet i den forstand at det eksisterer ulike sosialkulturar, og det er difor mogleg at eit anna utval frå ein annan landsdel eller større/mindre skular hadde gitt eit anna resultat. Dette veit ein ikkje før ein har gjort eventuelle samanlikningsstudiar.

Ei tverrsnittstudie gjennomført som dette gir kun eit bilete av situasjonen her og no, og ein får difor ikkje eit inntrykk av om det skjer eventuelle endringar med aukande alder eller om

det endrar seg med tid. Eit interessant poeng er om det er forskjellar mellom eksempelvis 8. og 10.trinn. 10. er jo avgangstrinn, og mange opplev dette året som svært seriøst, noko som i teorien skal bidra til meir sosial samanlikning (Skaalvik, 2006). På ei anna side, 8.trinn er første året med karakterar, som gir eit heilt nytt grunnlag for sosial samanlikning med tanke på kva ein har hatt på barneskulen. Ein kunne også gått djupare og spurt elevane når og kvifor dei samanliknar seg med same kjønn eller motsett kjønn, eksempelvis gjennom intervju.

Det er sjeldan ein har moglegheit gjennomføre den perfekte studie metodemessig. Ideelt sett burde det i denne studien ha vorte nytta eit spørjeskjema som har vore i bruk tidlegare, eventuelt gjennomført ei pilotundersøking for å finne ut om skjemaet inneheldt feil og/eller manglar. Likevel, skjemaet er bygd på solid forskning og tidlegare nytta begrep, og data behandla på best mogleg måte ut i frå føresetnadane, og denne studien gir eit utgangspunkt for vidare forskning då ein har moglegheit til å sjå trendar og slik peike ut nye felt for undersøking

### **Forslag til vidare forskning**

Med utgangspunkt i denne studien kan ein undersøke skilnaden mellom aktive og ikkje-aktive sine referanserammer. I tillegg til å kontrollere for aktivitetsnivå kan ein undersøke eventuelle forskjellar mellom kjønna, om det er forskjell mellom aktive jenter og aktive gutar, og dei ikkje-aktive. Forslag til andre vinklingar og kan vere å ta utgangspunkt i sjølvoppfatning, og til dømes undersøke om elevar med høg fysisk sjølvoppfatning har andre referanserammer enn elevar med låg fysisk sjølvoppfatning. Også her kan det sjølv sagt kontrollerast for kjønn. Begge desse vinklingane er moglege å undersøke ut i frå datamaterialet innsamla til denne oppgåva, men er så omfattande at det bør gjerast som sjølvstendige prosjekt og ikkje som underproblemstillingar i denne oppgåva.

### **Praktiske implikasjonar**

Kva betyr desse funna for elevar, lærarar og kroppsøvingsfaget – for skulen generelt? Trautwein mfl. (2008) føresler ei innføring av individuelle referanserammer når læraren vurderer elevane. På grunn av referanserammeeffektar vil det likevel alltid vere elevar med låg fysisk sjølvoppfatning i klassar med blanda elevar og blanda nivå, uansett kva fag ein ser på (Trautwein mfl., 2008), og det vil vere både uetisk og lovstridande å dele elevar inn etter evner og/eller kjønn på permanent basis.

Det ein faktisk har moglegheit til å gjere er å fokusere på meistring, læring, prøving og feiling, og personleg forbetring, framfor prestasjon, då sistnemnde ofte fører til auka

konkurransse og meir sosial samanlikning (Ommundsen, 2006; Skaalvik, 2006). Sjølv om kroppssøving lett kan bli eit konkurransefag, tyder forskning på at endring av læringsklimaet er mogleg (Ommundsen, 2006). Dette er viktig fordi læringsklimaet er avgjerande for elevanes oppleving av kva det inneber å meistre, og elevens oppleving av om ein meistarar eller ikkje. Vidare vil det vere avgjerande for læringsstrategiar, attribuering, motivasjon og kva verdiar elevane knyt til faget og aktivitetane, det kan vere glede, angst eller sinne (Ommundsen, 2006). Eit prestasjonsfokus fører difor til mangel på meistringsopplevingar hjå mange elevar, anten fordi ein trekkjer seg unna eller faktisk presterar ”for dårleg”, og ein vil då ikkje lenger trivast i like stor grad. Ommundsen (2006) oppsummerer tidlegare forskning, og viser at eit prestasjonsfokus mellom anna skaper frykt for å feile blant jenter. Det kan difor hjelpe at ein som lærar og vaksen er klar over effektane av konkurranse og sosial samanlikning, og at gutane gjerne har meir fokus på konkurranse og prestasjon, og det er difor viktig å reflektere rundt faktorar som innhald og utforming av timar og legg til rette for eit oppgåvefokuserert klima (Haga og Sigmundsson, 2006). Ommundsen (2006) forklarar at både oppgåve- og prestasjonsorientering er positivt knytt til god kompetansekjensle, men at ei oppgåveorientering vil gi ei meir stabil kjensle av dyktigheit og er difor å føretrekkje.

Det vil likevel vere vanskeleg å unngå nokon form for sosial samanlikning, då dette er ein av dei viktigaste metodane vi har for å skaffe oss informasjon om eigen prestasjon og eige nivå. Ein kan sjå opp til andre, men må samstundes hugse på at alle er ulike og at det alltid vil vere forskjellar mellom folk.



## Kjelder

- Andrews, T. og Johansen, V. (2005). Gym er det faget jeg hater mest. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 4, 303-314.
- Andrews, T. og Johansen, V. (2007). Likestillingsideologi i kroppsøvningsfaget. Tematisering av kjønn og planer i praksis. *Nordisk Pedagogikk*, 28, 89-103.
- Bakken, A., Borg, E., Hegna, K. og Backe-Hansen, E. (2008). Er det skolens skyld? En kunnskapsoversikt om skolens bidrag til kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner. *NOVA Rapport* (Vol. 4): Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Bandura, A. (1997). *Self-efficacy: The Exercise of Control*. New York: Freeman.
- Brewer, M. B. og Gardner, W. (1996). Who Is This "We"? Levels of Collective Identity and Self Representations. *Journal of Personality and Social Psychology*, 71(1), 83-91. Henta 8.april 2013 frå [http://mario.gsia.cmu.edu/micro\\_2008/readings/Brewer & Gardner 1996.pdf](http://mario.gsia.cmu.edu/micro_2008/readings/Brewer & Gardner 1996.pdf)
- Buunk, B. P., Kuyper, H. og van der Zee, Y. G. (2005). Affective Responses to Social Comparison in the Classroom. *Basic and Applied Social Psychology*, 27(3), 229-237.
- Chanal, J. P., Marsh, H. W., Sarrazin, P. G. og Bois, J. E. (2005). Big-Fish-Little-Pond Effects on Gymnastics Self-concept: Social Comparison Processes in a Physical Setting. *Journal of Sport and Exercise Psychology*, 27(1), 53-70.
- Chazal, S., Guimond, S. og Darnon, C. (2012). Personal self and collective self: when academic choices depend on the context of social comparison. *Social Psychological Education*, 15, 449-463. doi: 10.1007/s11218-012-9199-x
- Cohen, J. (1988). The Analyse of Variances. *Statistical Power Analysis for the Behavioral Sciences* (2. utgave, s. 273-406). Hillsdale, New Jersey: Lawrence Erlbaum Associates.
- Festinger, L. (1954). A Theory of Social Comparison Processes. *Human Relations*, 7(2), 117-140.
- Flagestad, L. og Skisland, J. O. (2009). Økt trivsel i kroppsøvningsfaget. I B. T. Johansen, R. Høigaard og J. B. Fjeld (Red.), *Nyere perspektiv innen idrett og idrettspedagogikk* (s. 195-203). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Gerlach, E., Trautwein, U. og Lüdtke, O. (2007). Referenzgruppeneffekte im Sportunterricht. Kurz- und langfristige negative Effekte sportlicher Klassenkameraden auf das sportbezogene Selbstkonzept. *Zeitschrift für Sozialpsychologie*, 38(2), 73-83.
- Haga, M. og Sigmundsson, H. (2006). Fysisk aktivitet i skolen. I H. Sigmundsson og J. E. Ingebrigtsen (Red.), *Idrettspedagogikk* (s. 13-21). Oslo: Universitetsforlaget.
- Hattie, J. (1992). *Self-Concept*. Hillsdale: Lawrence Erlbaum Associates.
- Imsen, G. (1996). *Mot økt likestilling? Evaluering av grunnskolens arbeid for likestilling utført for Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet 1996* (Vol. 11). Trondheim: Pedagogisk institutt, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

- Ingebrigtsen, J. E. (2004). *Ungdoms fysiske aktivitet i Møre og Romsdal 2004*. Henta 30.april 2013 frå <http://www.samfunn.ntnu.no/enheter/idrett/docs/M%26R-rapportPDF.pdf>
- Ingebrigtsen, J. E. og Mehus, I. (2006). Kroppsøving og idrett for alle - hvordan nå målet? I H. Sigmundsson og J. E. Ingebrigtsen (Red.), *Idrettspedagogikk* (s. 33-43). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kleven, T. A. (Red.). (2011). *Innføring i pedagogisk forskningsmetode. En hjelp til kritisk tolkning og vurdering*. Oslo: Unipub.
- Kling, K. C., Hyde, J. S., Showers, C. J. og Bruswell, B. N. (1999). Gender Differences in Self-Esteem: A Meta-Analysis. *Psychological Bulletin*, 125(4), 470-500. doi: 10.1037/0033-2909.125.4.470
- Klomsten, A. T. (2006). *A study of multidimensional physical self-concept and values among adolescent boys and girls*. (Doktoravhandling, Norges teknisk-vitenskaplige universitet). Trondheim: NTNU-trykk
- Klomsten, A.T, Marsh, H. W. og Skaalvik, E.M. (2005). Adolescents' Perceptions of Masculine and Feminine Values in Sport and Physical Education: A Study of Gender Differences. *Sex Roles*, 52(9/10), 652-636.
- Klomsten, A. T., Skaalvik, E. M. og Espnes, G. A. (2004). Physical self-concept and sports: Do gender differences still exist? *Sex Roles*, 50(1/2), 119-127.
- Margas, N., Fontayne, P. og Brunel, P. C. (2006). Influences of classmates' ability level on physical self-evaluations. *Psychology of Sport and Exercise*, 7(2), 235-247. doi: <http://dx.doi.org/10.1016/j.psychsport.2005.08.008>
- Marsh, H. W. (1986). Verbal and Math Self-Concepts: An Internal/External Frame of Reference Model. *American Educational Research Journal* 23(1), 129-149. Henta frå <http://aer.sagepub.com/content/23/1/129.full.pdf>
- Marsh, H. W. (1996). Physical Self Description Questionnaire: Stability and Discriminant Validity. *Research Quarterly for Exercise and Sport*, 67(3), 249-264. Henta frå <http://search.proquest.com/docview/218535332?accountid=12870>
- Marsh, H. W. og Parker, J. W. (1984). Determinants of student self-concept: Is it better to be a relatively large fish in a small pond even if you don't learn to swim as well? *Journal of Personality and Social Psychology*, 47(1), 213-231.
- Marsh, H. W., Trautwein, U., Lüdtke, O. og Köller, O. (2008). Social comparison and big-fish-little-pond effects on self-concept and other self-belief constructs: Role of generalized and specific others. *Journal of Educational Psychology*, 100(3), 510-524.
- Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste. (2012). *Må prosjektet meldes?* Henta 28.juni 2013 frå <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/>
- Ommundsen, Y. (2006). Psykologisk læringsklima i kroppsøving og idrett. I H. Sigmundsson og J. E. Ingebrigtsen (Red.), *Idrettspedagogikk* (s. 47-65). Oslo: Universitetsforlaget.



- Personverombodet. (2012). *Vanlige spørsmål*. Henta 28.juni 2013 frå [http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/vanlige\\_sporsmal.html](http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/vanlige_sporsmal.html)
- Ravlo, M. (2011). *Fysisk aktivitet og selververd: En kvantitativ studie av sammenhengen mellom fysisk aktivitet, fysisk selvoppfatning og selververd blant elever på 7.trinn*. (Masteravhandling). Norges teknisk-vitenskaplige universitet. Henta 30.juni 2013 frå <http://ntnu.diva-portal.org/smash/get/diva2:450436/FULLTEXT01.pdf>
- Ringdal, K. (2007). *Enhet og mangfold. Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Rosenberg, M. (1979). *Conceiving the Self*. New York: Basic Books.
- Schwalbe, M. L. og Staples, C. L. (1991). Gender Differences in Sources of Self-Esteem. *Social Psychology Quarterly*, 54(2), 158-168. Henta 29.september 2013 frå <http://www.jstor.org/stable/2786933?origin=JSTOR-pdf>
- Skaalvik, E. M. (2006). Selvoppfatning og idrett. I H. Sigmundsson og J. E. Ingebrigtsen (Red.), *Idrettspedagogikk* (s. 66-80). Oslo: Universitetsforlaget.
- Skaalvik, E. M. og Skaalvik, S. (2005). *Skolen som læringsarena. Selvoppfatning, motivasjon og læring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Trautwein, U., Gerlach, E. og Lüdtke, O. (2008). Athletic Classmates, Physical Self-Concept, and Free-Time Physical Activity: A Longitudinal Study of Frame of Reference Effects. *Journal of Educational Psychology*, 100(4), 988-1001. doi: 10.1037/0022-0663.100.4.988
- Ulleberg, P. og Nordvik, H. (2009). *Faktoranalyse. Innføring i faktorteori og faktoranalyse* (2.utg.). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Utdanningsdirektoratet. (2012). *Veiledning til revidert læreplan i kroppsøving*. Henta 1.juli 2013 frå <http://www.udir.no/Lareplaner/Veiledninger-til-lareplaner/Revidert-2013/Veiledning-til-revidert-lareplan-i-kroppsoving/>
- Valås, H. (2006). *Elementær statistikk*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.
- Vedul-Kjelsås, V., Sigmundsson, H., Stensdotter, A.-K. og Haga, M. (2011). The relationship between motor competence, physical fitness and self-perception in children. *Child: care, health and development*, 38(3), 394-402.
- Weiner, B. (1979). Theory of Motivation for Some Classroom Experiences. [Article]. *Journal of Educational Psychology*, 71(1), 3-25. doi: 10.1037/0022-0663.71.1.3
- Wigfield, A. og Eccles, J. S. (2000). Expectancy-Value Theory of Achievement Motivation. *Contemporary Educational Psychology*, 25, 68-81. doi: 10.1006/ceps.1999.1015



## Vedlegg

### Vedlegg 1 - spørjeskjema

# GYM OG FYSISK SELVOPPFATNING

Formålet med denne spørreundersøkelsen er å studere elevenes fysiske selvoppfatning og deres meninger om ulike sider ved kroppsøvningsfaget. Resultatene fra undersøkelsen vil bli brukt i min mastergradsoppgave i spesialpedagogikk ved Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

Det er frivillig å delta i undersøkelsen, og alle som deltar er anonyme – ingen vil kunne finne ut hva akkurat *du* har svart. Resultatene vil bli presentert slik at ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes.

Takk for at du er villig til å delta!

Trine Rishovd, mastergradsstudent

Anne Torhild Klomsten, førsteamanuensis/veileder



<b>LES DETTE FØR DU STARTER!</b>	Skjemaet skal leses maskinelt. Følg derfor disse reglene: <ul style="list-style-type: none"><li>• Bruk svart/blå kulepenn. Skriv tydelig, og ikke utenfor feltene. <b>Kryss av slik:</b> ☒.</li><li>• Feilkryssinger kan strykes ved å fylle <u>hele</u> feltet med farge. Kryss så i rett felt.</li><li>• Sett bare ett kryss på hvert spørsmål om ikke annet er oppgitt.</li></ul>
----------------------------------------------	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Kjønn: ⇒ Jente..... <sub>1</sub> Gutt..... <sub>2</sub>

Klassetrinn: ⇒ 8... <sub>8</sub> 9... <sub>9</sub> 10... <sub>10</sub>

#### A. OM GYMTIMENE

- I gymtimene, er klassen din delt slik at jentene og guttene har gym i to forskjellige grupper? ⇒  
*NB: Dette spørsmålet gjelder bare gym, ikke svømming/bading!*  
Jenter og gutter har alltid gym sammen.. <sub>1</sub>  
Av og til samlet, av og til hver for oss..... <sub>2</sub>  
Vi har alltid gym hver for oss..... <sub>3</sub>
- Foretrekker* du at jenter og gutter har gym hver for seg eller samlet? ⇒  
*NB: Dette spørsmålet gjelder bare gym, ikke svømming/bading!*  
Foretrekker at vi har gym sammen ..... <sub>1</sub>  
Av og til samlet, av og til hver for oss..... <sub>2</sub>  
Foretrekker at vi har gym hver for oss ... <sub>3</sub>
- I gymtimene, er klassen din delt inn i grupper etter hvor flink man er i gym? ⇒  
Vi har alltid gym sammen..... <sub>1</sub>  
Av og til samlet, av og til i grupper ..... <sub>2</sub>  
Vi har alltid gym i grupper ..... <sub>3</sub>
- Foretrekker* du å ha gym samlet, eller i grupper etter hvor flink man er i gym? ⇒  
Foretrekker at vi har gym sammen ..... <sub>1</sub>  
Av og til samlet, av og til hver for oss..... <sub>2</sub>  
Foretrekker at vi har gym i grupper..... <sub>3</sub>

#### B. HVEM SAMMENLIGNER DU DEG MED I GYMMEN?

- Når du vurderer om du er flink eller ikke i gym generelt, hvem sammenligner du deg *vanligvis* med? ⇒  
Med andre gutter..... <sub>1</sub>  
Med andre jenter..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ..... <sub>3</sub>  
Med deg selv (dvs. om du har blitt flinkere eller mindre flink sammenlignet med tidligere).... <sub>4</sub>



KS-13  
20-1

Undersøkelsen gjennomføres  
med bistand fra SVT-IT, NTNU



1



Før du fortsetter: Kontroller at du ikke  
har glemt noe på denne sida.



Husk: Bare ett kryss på hvert spørsmål.

2. Hvem sammenligner du deg vanligvis med i gymmen? ⇨
- De som er flinkere enn deg ..... <sub>1</sub>  
De som er like flinke som deg ..... <sub>2</sub>  
De som er mindre flinke enn deg.... <sub>3</sub>  
Jeg sammenligner meg sjelden med andre.. <sub>4</sub>
3. Hvem sammenligner du deg vanligvis med når dere har ballspill i gymmen? ⇨
- Med andre jenter ..... <sub>1</sub>  
Med andre gutter ..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ... <sub>3</sub>  
Jeg sammenligner meg sjelden med andre.. <sub>4</sub>
4. Hvem sammenligner du deg vanligvis med når dere har dans i gymmen? ⇨
- Med andre jenter ..... <sub>1</sub>  
Med andre gutter ..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ... <sub>3</sub>  
Jeg sammenligner meg sjelden med andre.. <sub>4</sub>
5. Hvem sammenligner du deg vanligvis med når dere har styrkeaktiviteter i gymmen (f.eks. pushups, situps, øvelser med vekter)? ⇨
- Med andre jenter ..... <sub>1</sub>  
Med andre gutter ..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ... <sub>3</sub>  
Jeg sammenligner meg sjelden med andre.. <sub>4</sub>
6. Hvem sammenligner du deg vanligvis med når dere har turn i gymmen? ⇨
- Med andre jenter ..... <sub>1</sub>  
Med andre gutter ..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ... <sub>3</sub>  
Jeg sammenligner meg sjelden med andre.. <sub>4</sub>
7. Hvem sammenligner du deg vanligvis med når dere har friidrettsøvelser i gymmen? ⇨
- Med andre jenter ..... <sub>1</sub>  
Med andre gutter ..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ... <sub>3</sub>  
Jeg sammenligner meg sjelden med andre.. <sub>4</sub>
8. Hvem sammenligner du deg vanligvis med når du vurderer hvor fysisk sterk du er i kroppen? ⇨
- Med andre jenter ..... <sub>1</sub>  
Med andre gutter ..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ... <sub>3</sub>  
Med deg selv (f.eks. om du er sterkere eller mindre sterk enn før) ... <sub>4</sub>
9. Hvem sammenligner du deg vanligvis med når du vurderer hvor utholdende du er (f.eks. i løping)? ⇨
- Med andre jenter ..... <sub>1</sub>  
Med andre gutter ..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ... <sub>3</sub>  
Med deg selv (f.eks. om du er mer eller mindre utholdende enn før) ... <sub>4</sub>
10. Hvem sammenligner du deg vanligvis med når du vurderer hvordan kroppen din ser ut? ⇨
- Med andre jenter ..... <sub>1</sub>  
Med andre gutter ..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ... <sub>3</sub>  
Med deg selv (f.eks. om du ser annerledes ut enn før) . <sub>4</sub>
11. Hvem sammenligner du deg vanligvis med når du vurderer hvor smidig du er (f.eks. tøyelig, fleksibel, myk i kroppen)? ⇨
- Med andre jenter ..... <sub>1</sub>  
Med andre gutter ..... <sub>2</sub>  
Med både jenter og gutter ... <sub>3</sub>  
Med deg selv (f.eks. om du er mer eller mindre smidig enn før) ... <sub>4</sub>

### C. OM DEG SELV I GYMMEN

Hvor enig eller uenig er du i disse påstandene?

Ett kryss for hver påstand.

	Svært uenig 1	Litt uenig 2	Verken / eller 3	Litt enig 4	Svært enig 5
1. Jeg er god i gym .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2. Jeg får til de fleste aktivitetene vi gjør i gymmen .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
3. Jeg er blant de beste i klassen gym .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
4. De fleste aktivitetene i gymmen er lette for meg .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
5. Jeg er en aktiv person i gymmen .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
6. Jeg liker å være i bevegelse .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
7. Gym er et fag der det er vanskelig å gjøre det bra .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
8. De fleste i klassen er flinkere enn meg i gym .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
9. Jeg får sjelden til aktivitetene vi har i gymmen .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
10. De andre er mer aktive enn meg i gymmen .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
11. Jeg liker å være i ro .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
12. Gym er et artig fag .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
13. Jeg liker å delta i gymmen .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
14. Jeg trives i gymtimene .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
15. Jeg gjør en god innsats i gymtimene .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
16. Jeg er positiv til å gjøre ulike aktiviteter gymtimene .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
17. Jeg gruer meg ofte til gymtimene .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
18. Jeg unngår ofte å delta i gymmen .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
19. Jeg unngår å delta i enkelte aktiviteter i gymtimene .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
20. Jeg liker konkurranseaktiviteter i gymmen .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
21. Jeg liker aktiviteter der vi lett kan se hvem som er flinke .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
22. Jeg synes det er ubehagelig når vi har konkurranser i gymmen .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
23. Jeg unngår å delta i konkurranser i gymtimene .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
24. Jeg liker best aktiviteter der min prestasjon ikke er så synlig for de andre .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
25. Det er viktig for meg å fremstå som flink i gym for de andre i klassen .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
26. Det er viktig for meg å forbedre mine egne prestasjoner i gym .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
27. Jeg gir en større innsats dersom jeg vet at jeg kan gjøre det bra i forhold til de andre ..	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
28. Jeg gir mindre innsats når de andre uansett er flinkere enn meg .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
29. Jeg har sterke muskler .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
30. Kroppen min er sterk .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Husk: Bare ett kryss på hvert spørsmål.

	Svært uenig 1	Litt uenig 2	Verken /eller 3	Litt enig 4	Svært enig 5
31. Jeg vil få bra resultat i en styrketest .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
32. Jeg er god til å løfte tunge ting .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
33. Jeg er svak i kroppen.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
34. Jeg kan holde på med en aktivitet lenge.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
35. Jeg har god utholdenhet .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
36. Jeg vil få bra resultat i en utholdenhetstest.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
37. Jeg blir raskt sliten når jeg for eksempel skal løpe lenge .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
38. Jeg må ofte stoppe opp og ta pause under aktiviteter .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
39. Jeg er fornøyd med hvordan kroppen min ser ut.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
40. Jeg har en fin kropp .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
41. Jeg er misfornøyd med hvordan kroppen min ser ut .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
42. Det er mye jeg ønsker å endre ved kroppen min.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
43. Jeg har en smidig kropp .....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
44. Kroppen min er myk og tøyelig.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
45. Jeg vil få bra resultat i en bevegelighetstest (feks spagat, tøyeøvelser).....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
46. Jeg er stiv i kroppen.....	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

#### D. I FRITIDEN (UTENOM SKOLETIDEN)

1. Hvor mange timer i uka *utenom skoletiden* trener du / er du i aktivitet slik at du blir svett og/eller andpusten? ⇨
- Jeg er sjelden i fysisk aktivitet utenom skoletiden.....  1  
Ca 1 time.....  2  
2-3 timer.....  3  
4-5 timer.....  4  
6-7 timer.....  5  
Over 7 timer i uka.....  6
2. Deltar du i organisert idrett/aktivitet gjennom idrettslag (f.eks. fotball, håndball, turn, ski)? ⇨
- Ja ....  1      Nei ..  2
3. *Hvis ja*: hvor mange timer er du med på organisert trening i løpet av en uke? ⇨
- Ca 1 time.....  1  
2-3 timer.....  2  
4-5 timer.....  3  
6-7 timer.....  4  
Over 7 timer i uka.....  5

Takk for at du ville svare på spørsmålene!

## Vedlegg 2 – samtykkeerklæring

### Førespurnad om å delta i spørjeundersøking i samband med ei masteroppgåve

Eg er masterstudent i spesialpedagogikk ved NTNU i Trondheim og held no på med den avsluttande masteroppgåva. Hovudtemaet for oppgåva er sosial samanlikning og referanserammer i gymfaget, knytt opp mot fysisk sjølvoppfatning. Eg vil finne ut kven jenter og gutar samanliknar seg med når dei vurderer sine egne fysiske evner innan gym og fysisk aktivitet, og sjå om det er samanhengar mellom dette og elevanes fysiske sjølvoppfatning, trivsel i gymtimane og fysisk aktivitet på fritida.

Eg ønskjer å samle inn informasjon gjennom et spørjeskjema med avkryssingsspørsmål frå omtrent 300 elevar på 8., 9. og 10.trinn. Spørsmåla vil dreie seg om kven ein samanliknar seg med generelt i gym og innanfor spesifikke aktivitetar som ballspel, dans og friidrett. I tillegg vil det være spørsmål om elevane sin i gymtimane, deira syn på seg sjølv, sin styrke, uthaldenheit og kropp, og avslutningsvis spørsmål om aktivitet på fritida. Spørjeskjemaet vil ta 5-10 minutt å svare på og vil bli gjennomført i månadsskiftet april/mai. Undersøkinga kjem til å være 100% anonymisert, noko som inneber at ingen enkeltpersonar kan identifiserast verken i datamaterialet eller i den ferdige oppgåva. Det er heilt frivillig å svare på skjemaet og ein har moglegheit til å trekkje seg når som helst undervegs, utan å måtte grunngi dette nærare. Studien er meldt til ”Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste” (NSD).

Om du som føresettt **ikkje ønskjer** at ditt barn skal besvare spørjeskjemaet, signerer du under og returnerer skjemaet til kontaktlærar. Om barnet kan delta i studien treng ikkje skjemaet returnerast.

Dersom det er noko du/de lurer på kan eg nåast på telefon ....., eller via epost ..... Min rettleiar kan også kontaktast om ønskjeleg; Anne Torhild Klomsten ved Pedagogisk institutt, telefon .....

Med venleg helsing

Trine Rishovd

**Samtykkeerklæring:** Eg har motteke skriftleg informasjon og **ønskjer ikkje** at mitt barn skal delta i studien.

Barnets namn: .....

Signatur: .....

## Vedlegg 3 – svar på melding av prosjektet

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS  
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 29  
N-5007 Bergen  
Norway  
Tel: +47-55 58 21 17  
Fax +47-55 58 96 50  
nsd@nsd.uib.no  
www.nsd.uib.no  
Org.nr. 985 321 884

Anne Torhild Klomsten  
Pedagogisk institutt  
NTNU  
7491 TRONDHEIM

Vår dato: 11.04.2013

Vår ref.:33933 / 3 / LMR

Deres dato:

Deres ref:

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 19.03.2013. Meldingen gjelder prosjektet:

33933	<i>Sosial sammenligning og referanserammer i gym blant ungdomsskoleelever</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>NTNU, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Anne Torhild Klomsten</i>
<i>Student</i>	<i>Trine Rishovd</i>

Etter gjennomgang av opplysninger gitt i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon, finner vi at prosjektet ikke medfører meldeplikt eller konsesjonsplikt etter personopplysningslovens §§ 31 og 33.

Dersom prosjektopplegget endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for vår vurdering, skal prosjektet meldes på nytt. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>.

Vedlagt følger vår begrunnelse for hvorfor prosjektet ikke er meldepliktig.

Vennlig hilsen

Vigdis Namtvedt Kvalheim

Linn-Merethe Rød

Kontaktperson: Linn-Merethe Rød tlf: 55 58 89 11

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Trine Rishovd, Festningsgata 11, 7014 TRONDHEIM

Avdelingskontorer / District Offices

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel +47-22 85 52 11 nsd@uio.no  
TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel +47-73 59 19 07 kyrre.svarva@svt.ntnu.no  
TROMSØ: NSD, SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel +47-77 64 43 36 nsdmaa@svt.uit.no



## Vedlegg 4 – sumvariablar

<b>Sum Styrke</b>	Jeg har sterke muskler Kroppen min er sterk Jeg er god til å løfte tunge ting Jeg er svak i kroppen*
<b>Sum uthold</b>	Jeg kan holde på med en aktivitet lenge Jeg har god utholdenhet Jeg vil få bra resultat i en utholdenhetstest Jeg blir fort raskt sliten når jeg skal eks. løpe lenge* Jeg må ofte stoppe opp og ta pauser under aktivitet*
<b>Sum Smidig</b>	Jeg har en smidig kropp Kroppen min er myk og tøyelig Jeg vil få bra resultat i en bevegelsestest Jeg er stiv i kroppen*
<b>Sum Kropp</b>	Jeg er fornøyd med hvordan kroppen min ser ut Jeg har en fin kropp Jeg er misfornøyd med hvordan kroppen min ser ut* Det er mye jeg ønsker å endre ved kroppen min*
<b>Sum Flink i gym</b>	Jeg er god i gym Jeg får til de fleste aktivitetene vi gjør i gymmen De fleste aktivitetene i gymmen er lette for meg Gym er et fag der det er vanskelig å gjøre det bra* De fleste i klassen er flinkere enn meg i gym*
<b>Sum Trivsel i gym</b>	Jeg er en aktiv person i gymmen Jeg liker å være i bevegelse De andre er mer aktive enn meg i gymmen* Jeg liker å være i ro* Gym er et artig fag Jeg liker å delta i gymmen Jeg gjør en god innsats i gymtimene Jeg er positiv til å gjøre ulike aktiviteter i gymtimene

\* negativt item som er snudd i ettertid